

Rekruttering av rett kompetanse var sjølv sagt ein nøkkelfaktor for av vi skulle lykkast.

les Atle Hamar på kommentarplass s. 2

NR 2 • 2012 • ÅRGANG 11 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Noregs frukthage

Innbyggjarane i Ullensvang veit korleis dei skal leve av frukttrø og turistar.

s. 18 - 20

Norskopplæring på nynorsk

I Kvam herad får alle vaksne innvandrarakar norskopplæring på nynorsk.

s. 3

Nye krefter

Noregs Mållag har etter nyttår fått om lag 1700 nye medlemmer. Mange av dei har sterke meiningar om nynorsk og sidemål.

s. 5

Doropnaren



Foto: Arild Torvund

Faren var lærar og målmann. No skal Torgeir Dimmen (54) sjølv gje lærarane lyst til å undervise i nynorsk.

• Sjå s.12 - 13

Planlegg framtida



Foto: Jan Nordveit

Markeringa Rasmus Løland går mot slutten. Men noko skal leve vidare.

• Sjå s. 22 - 23



Foto: barnogtro.no

Vil ha nynorsk trusopplæring

I dag kan ikkje kyrkja tilby trusopplæring på nynorsk. Medan nokre meiner ein må få på plass eit lovverk som sikrar nynorsk trusopplæring, meiner andre at kyrkja sjølv må ta ansvar.

– Ein er jo midt i ein prosess med å skilje stat og kyrkje. Eg meiner at kyrkja sjølv må få vedta si eiga ordning av eigne organ, og at Stortinget i

minst mogleg grad må detaljstyre i ei ny kyrkjelov, seier Magne Skjeldal. Kyrkjerådet er positive og skal i 2012 lage ei utgreiing om kva konsekvensar ei jamstilling av språka vil få for dei som produserer materiell og bøker til trusopplæringa.

Side 16 og 17



Hotell
Dag Bondeheim

HOTELL OG TRADISJONSMAT MIDT I SKIEN SENTRUM
OVERNATTING • SELSKAP OG FEIRINGAR • MØTER
Prinsesseg 7 • 3724 Skien • tlf 35 52 00 30 • hotel@dagbondeheim.no

Kjem du frå ein LNK-kommune er prisen kr 795 per natt
www.dagbondeheim.no

Å gå over bekken etter vatn

I mange nynorsk kommunar er vaksenopplæringa framleis på bokmål. Argumentet i alle år har vore at det ikkje har vore nok materiell tilgjengeleg på nynorsk. Er det argumentet godt nok i dag?

Kvam herad har som så mange andre kommunar gjort eit vedtak i heradsstyret om at vaksenopplæringa skal bruke nynorsk i undervisninga. Og i motsetnad til mange andre kommunar har dei faktisk fått det til. Dei har brukt nynorsk som undervisningsspråk sidan 2005, og i dag er så godt som alt materiellet dei brukar, på nynorsk.

– Før var det lite å få tak i, så dei første åra vart det mykje klipping og liming og sjølvlagde materiell, seier lærar ved vaksenopplæringa i Kvam, Hildegunn Skeie Sandven, til LNK-avisa.

Men det var før. Rett nok fløymer ikkje marknaden over av nynorsk materiell til vaksenopplæringa, men noko finst. Gjennom arbeidet til den nynorske ressursgruppa til VOX har ein fått fram nok nynorsk materiell til å lose elevane trygt gjennom eksamen i både spor 1, 2 og 3. Og det er god kvalitet på det som finst av nynorsk materiell.

Så kvifor er det framleis nynorsk kommunar som sver til bokmålsundervisning? Det kan tenkjast at VOX har ei oppgåve å gjere med å få informasjonen ut til kommunane; det er ikkje enkelt å bruke nynorsk materiell dersom ein ikkje veit det finst. Men kanskje må kommunane også gå i seg sjølv. Leiatar dei etter nynorsk materiell, ringjer dei og etterlyser det? Eller er bokmålsbøkene blitt ei heilt grei sovepute?

For innvandrarane som kjem, er det avgjerande å lære seg nynorsk når ein bur i ein nynorsk kommune. Integringa kan bli vanskeleg dersom barna dine lærer nynorsk på skulen og du sjølv skal ut i eit arbeidsliv der både dialekten og skriftspråket er annleis enn det du lærte på vaksenopplæringa.

Men løysinga på problemet er kanskje ikkje så langt vekk som mange fryktar.

Nasjonalt tilsyn frå eit utkantfylke



Atle Hamar
Direktør i Lotteritilsynet

KRONIKK

Skepsisen var til å ta og føle på då Lotteritilsynet vart opna i Førde i 2001. Var det mogleg å skape eit slagkraftig nasjonalt tilsyn i eit såkalla utkantfylke?

I 2005 kom Stiftelsestilsynet til, slik at vi no driv to fagtilsyn med Førde som base. I tillegg har vi fått fordeling av momskompensasjon som eit tredje fagfelt under same direktør og administrasjon.

For vel eit år sidan runda Lotteritilsynet sitt første tiår. Og vi kunne nytte det vesle jubileet til å slå fast at nasjonale fagtilsyn slett ikkje må ligge i dei sentrale stroka av landet. Sunnfjord var meir enn stort nok til at vi har klart å gjere både Lotteritilsynet og Stiftelsestilsynet til dei tunge, faglege ekspertorgana styresmaktene ønskte seg.

Men vi har teke distriktet vårt i bruk for å få det til. I dag har vi tilsette frå sju kommunar i Sogn og Fjordane. Mange har over tid nytta sjansen til å flytte til heimlege trakter for å jobbe i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Andre har sett det så attraktivt å jobbe i tilsynet at dei har flytta til Førde frå andre stader i landet.

Rekruttering av rett kompetanse er sjølvstøtt ein nøkkelfaktor for at vi skulle lykkast. Vi trengde dyktige juristar, folk med kompetanse på økonomi, administrasjon, ikt og kommunikasjonssoppgåver – for å nemne noko. I starten hadde vi gjennomsnittleg 30 søknader til kvar utlyste stilling. Også til dei tunge lei- og kompetansejobbane har vi tradisjonelt mange godt kvalifiserte søkjarar. Som direktør har eg hatt eit luksusproblem når eg skal rekruttere nye medarbeidarar.

Låg vi for avsides til for brukarane våre her i Sogn og Fjordane? På ingen måte. Vi har sjølvstøtt over tid vore gode kundar på Widerøe sine fly til og frå

Gardermoen. Eit lotteritilsyn må ut i marknaden for å kontrollere og kommunisere med store og små aktørar i marknaden.

Tilsyn med stiftelsar og fordeling av momskompensasjon er derimot i stor grad dokumentbaserte oppgåver som ikkje krev så mykje reising. Slik sett kan desse oppgåvene ligge kvar som helst i landet i vår teknologiske tidsalder.

Moderne teknologi har dessutan redusert reiseverksmda vår monaleg. Vi har i vesentleg grad gått frå Widerøe – til video. Lotteri- og stiftelsestilsynet var tidleg ute med å nytte video til å avvikle møte. Berre i 2011 sparte vi på denne måten 320 000 kroner i reiseutgifter, og det er vi svært godt nøgde med. Utnytting av videoteknologien gjer oss stadig meir tilgjengelege der vi held til.

Dessutan kommuniserer vi i aukande grad meir med våre store og samansette brukargrupper via elektroniske kanalar. Vi tok i fjor i bruk nye og moderne heimesider, og vi prøver oss fram med å bruke Facebook og Twitter for å kommunisere med brukarane. Dessutan har vi starta blogg for å nå ut med kunnskap vi sit med i fagtilsyna våre.

Skil vi oss ut på andre måtar som statleg tilsyn? Det må i så fall vere språkleg. Frå første stund

Frå første stund var det min intensjon som direktør at Lotteri- og stiftelsestilsynet skal avspegle at vi er lokalisert i det som er kjerneområdet for nynorsken.

var det min intensjon som direktør at Lotteri- og stiftelsestilsynet skal avspegle at vi er lokalisert i det som er kjerneområdet for nynorsken. Innafør dei krav som mållova set, har vi klart det. Vi skriv til domes alltid årsmeldingane våre på nynorsk, vi søker alltid etter nye medarbeidarar på nynorsk osv.

Ja visst, det er mogleg å drive eit nasjonalt tilsyn frå eit såkalla utkantfylke. Kompetansen finst i rikt monn utover i landet. Dyktige medarbeidarar er dessutan villige til å flytte på seg om vi kan tilby utfordrande arbeidsoppgåver.

Nynorsk vaksenopplæring

I Kvam får alle vaksne innvandrarar norskopplæring på nynorsk.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Mange nynorsk kommunar har vaksenopplæring av innvandrarar på bokmål, og eit av dei viktigaste argumenta for å halde på den praksisen har vore at det er for lite materiell tilgjengeleg på nynorsk. Slik var det òg i Kvam, inntil nokre år sidan.

UPOPULÆRT

– Det vart gjort eit vedtak i heradet om at vi skulle nytte nynorsk i undervisninga av vaksne innvandrarar, som vart gjeldande frå skuleåret 2005–06, seier rektor ved vaksenopplæringa, Kjell Arne Gjøen. Det var ei avgjerd som ikkje var like populære i starten, og ikkje alle som underviste, såg heilt for seg korleis ein skulle greie det.

– Men Kvam er ein nynorsk kommune, og det vart feil at vi skulle lære foreldra ei anna målform enn den barna deira lærte på skulen, seier Gjøen. No har dei brukt nynorsk som undervisningsspråk sidan 2005, og i dag er i all hovudsak alt materiellet dei brukar, på nynorsk.

VIDAREUTVIKLAR

– Før var det lite å få tak i, så dei første åra vart det mykje klipping og liming og sjølvlagde materiale, seier lærar ved vaksenopplæringa i Kvam, Hildegunn Skeie Sandven.

No er situasjonen monaleg betre, og i dag brukar dei NorskPlass Nynorsk, som har tekstbøker, arbeidsbøker og dataprogram på nynorsk. Det er forlaget Cyberbook som gir ut læreverket, og Sandven, som også sit i den nynorske ressursgruppa til VOX, kan fortelje at VOX før jul løyvde 200 000 kroner til Cyberbook for å vidareutvikle læremiddel på nynorsk.

Ved sida av NorskPlass Nynorsk brukar Kvam Lexin, ei biletordbok for vaksne, og heftet Kropp og helse, som er utarbeidd av



MÅ BRUKAST: Når norsk blir brukt overalt, då lærer ein best, meiner Alton Beer (i midten) frå Liberia som no får norskopplæring i Kvam herad. (Foto: Odda fotballklubb)

VOX, bae finst på nynorsk. Sandven tykte ikkje det var berre positivt då ho vart pålagt å undervise på nynorsk.

– Eg hadde tidlegare undervist i London og hadde med ein del godt stoff med meg derfrå. Men dét var på bokmål, så det kunne eg ikkje bruke. Framleis er det mindre å velje mellom for dei som skal undervise i nynorsk, men det som finst, er bra, seier ho. Det er nok materiell til å få losa elevane trygt i hann fram mot ein eksamen i spor 1, 2 og 3.

IKKJE ETTERSPURD

Reelt sett har elevane ved vaksenopplæringa eit val; dei kan be om å få undervisninga på den målforma dei foretrekkjer. Så langt har ingen bede om å få ho på bokmål, alt, seier Sandven. Ho trur det heng saman med at dei fleste innvandrarane som bur i Kvam no, er komne for å bli.

– Barna deira går på skule her og lærer nynorsk. Sjølv skal dei få seg ein jobb her og treng å kunne nynorsk. Mange av dei erfarer nok også at når dei først kan nynorsk, så forstår dei også bokmål.

INTERNETT OG BARNE-TV

Alton Beer (25) frå Liberia har budd 2 år i Noreg og har gått på vaksenopplæringa i Kvam i fem månader. Han synest det går godt å lære seg norsk.

– Her i Øystese går eg på skule seks timar om dagen, tre dagar i veka, fortel han. Det er monaleg mykje meir enn han gjorde den korte stunda han budde i Odda. Då var det undervisning tre timar i veka.

– I Odda lærte eg bokmål. Her lærer eg nynorsk. Eg likar nynorsk, det går greitt, svarar Alton på norsk når LNK-avisa spør kva forhold han har til målformene han har lært. Det er ikkje så vanskeleg å lære norsk, seier han. I heimlandet snakka han engelsk og lærte engelsk på skulen, og han synest ikkje språka er så forskjellige. I Øystese speler han fotball på a-laget, og der går det i norsk. Heime, saman med kona som er frå Eritrea, går det litt på engelsk og litt på norsk.

– Eg er mykje på Internett, og eg ser på norsk tv, på barne-tv. Og på skulen, der snakkar vi alltid norsk, seier Alton Beer, som drøymmer om å byrje på Universitetet i Bergen. Bli ingeniør, jobbe på plattform og tene egne pengar. Det er målet, seier han.

Mange oppgåver for VOX

Pedagogar, LNK, Nynorsksenteret og VOX jobbar saman for å finne gode læremiddel på nynorsk til vaksenopplæring av innvandrarar.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Etter påtrykk frå LNK fekk VOX, eit nasjonalt fagorgan for kompetansopolitik, eit utvida ansvar for å sjå til at det blir produsert læremiddel på nynorsk til bruk i vaksenopplæringa for minoritetsspråklege. Vox sette då ned ei rådgjevande gruppe samansett av pedagogar og av folk frå VOX, LNK og Nynorsksenteret. Gruppa jobbar med å skaffe oversikt over kva læremiddel som finst, og einskilde medlemmer har hatt i oppgåve å omsetje, omarbeide og kvalitetssikre læremiddel.

PÅ ARBEIDSPLASSEN

Vox brukar ein del av potten dei har til rådvelde, på tilskot til nynorske læremiddel

so elles ikkje ville vore gitte ut. No sist løyvde VOX pengar til Cyberbook, som utarbeider ein læringsressurs for norsk på arbeidsplassen.

– Dette prosjektet ligg litt på sida av prioriteringslista som er utarbeidd av departementet, seier Helga Arnesen.

– Men Cyberbook skulle allereie lage denne på bokmål, og det ville bli svært rimeleg å få han utarbeidd på nynorsk samtidig. Før jul gav i tillegg VOX bort restopplaget av temaheftet Kropp og helse gratis, eit tilbud som vart svært godt mottekt rundt om i landet.

I 2012 skal NorskPlass for spor 1 gjevast ut i nynorskutgåve. Denne læreboka skal ha ei arbeidsretta vinkling. NorskPlass er eit komplett læremiddel med ein omfattande nettressurs tilpassa læreplanen i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar.

NY LÆREPLAN

Vidare framover vil den nye læreplanen i norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarar prege arbeidet til VOX og nynorskgruppa. Timetalet for innvandrarar som har rett og plikt til opplæring i norsk og

samfunnskunnskap, er no utvida frå 300 til 600 timar, og elevane må gjennom ei obligatorisk prøve i norsk og ei i samfunnskunnskap frå 2013. Det finst i dag få læremiddel for innvandrarar som skal ta ei norskprøve på det nivået som kvalifiserer til inntak til høgre utdanning.

– Slikt finst ikkje verken på bokmål eller nynorsk, seier Arnesen.

– Men førebels er vi i tenkeboksen og vurderer om vi skal gi råd om at det bør bli gitt ut egne lærebøker for dette nivået, eller om ein skal satse på tekstar som finst i det daglege, til domes i bøker og aviser. Dei nye læreplanane trer i kraft frå første august i år, og Arnesen seier det enno er tid til å vurdere dette.

– Det er også eit klart ønske om å få tilgang til meir lettesttekstar. Dei vaksne deltakarane som ikkje er så vande med å lese, treng mykje trening. Det er ei utfordring å finne tekstar som er enkle utan å vere barnslege.

Vox har ei komplett liste over kva nynorske læremiddel som finst, både for minoritetsspråklege i grunnskulen og for vaksenopplæring i norsk og samfunnsfag. Denne lista ligg på nettet: nynorsksenteret.no

Prøv

DAG OG TID

– den nynorske vekeavisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøve-nummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



Tips oss – om ein typisk

DAG OG TID

lesar som ikkje les Dag og Tid.

Send SMS til 2007 slik: TYPISK følgd av namn og adresse til personen. (Døme: TYPISK Jonas Gard Større, Riksvegen 10, 5020 Bergen).

Han eller ho du tipsar om, får tre nummer av Dag og Tid, heilt utan plikter. Du får eit Flax-lodd som takk for hjelpa.



Boklov eller frislepp



Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK

HØVISKE ORD

Dei siste vekene har spørsmålet om Noreg skal få ei boklov, eller om me skal sleppa marknadskreftene laus også på denne delen av kulturområdet, rasa i avisene.

Spørsmålet er aktuelt sidan kulturminister Anniken Huitfeldt har tinga, og fått lagt fram for seg, to rapportar som kartlegg moglege litteraturpolitiske verkemiddel og korleis bokbransjen har vald / fått lov til å organisera seg i landa rundt oss. Konklusjonane er slett ikkje eintydige.

Den første rapporten skulle vurdere korleis dagens litteratur- og språkpolitiske verkemiddel er eigna til å fremja kvalitet, breidde og variasjon i norsk litteratur, medan den andre skulle studera tilhøva i andre land i Europa og kartleggja om verkemiddel frå desse landa kunne ha overføringsverdi til norske forhold.

Rapportane analyserer mange ulike litteraturpolitiske verkemiddel, men avisdebatten har først og fremst handla om pris: Treng me ei ny boklov som regulerer prisnivået på bøker, eller skal forlag og bokhandlarar ha høve til å prisa bøker slik dei vil?

Kulturforskar Georg Arnestad har vore sær slynleg i debatten og har konkludert med at me ikkje treng ei eiga boklov.

– Knapt noko land i den vestlege verda har eit litterært system som er så regulert og statleg subsidiert som Noreg. Vi har ei rad med særnorske innkjøpsordningar, bokavtale mellom partane, momsfråtak for all litteratur, kollektive vederlagsordningar og gunstige personlege stipendordningar for både fag- og skjønnlitterære forfatarar. Treng vi ei regulerande boklov i tillegg?

Bok-Noreg står overfor store strukturelle endringar dei nærmaste åra. Ei partsinitiert boklov vil bidra til å sementera dagens bransjestruktur. Boklova vil kunne stå i vegen for nødvendige innovasjonar i formidling og distribusjon både av papir- og e-bøker. Og det er dei norske lesarane som vil tape på dette, skriv Arnestad i Aftenposten.

Arnestad har nok eit poeng når han skriv at bokbransjen står overfor store strukturelle endringar i tida som kjem.

Han har kanskje òg rett i at den noverande strukturen, der dei store forlaga eig sine egne bokhandlarkjeder, er skuld i at det knapt blir produsert norske e-bøker, slik at norske lesarar heller les engelske bøker frå Amazon.

Men det er vanskeleg å forstå at Arnestad kan vera så kategorisk. Litteraturen er den viktigaste bæraren av nasjonalspråka våre, og ei boklov vil utan tvil kunna vera med på å oppretthalda språkmangfaldet i landet. Det er mellom anna ut frå ein slik språkpolitisk argumentasjon Frankrike har valt å halda på si boklov. For eit lite språk-område som Noreg vert dette argumentet endå viktigare.

I dag er det om lag 60 bokhandlarar i LNK-kommunane – og slett ikkje alle er eigde av dei store forlaga. Driftsgrunnlaget for mange av dei kan verta drastisk endra dersom det vert innført fri pris på bøker. Ei eventuell sanering av små bokhandlarar – og svært mange av desse ligg i område der det berre er éin bokhandel – vil føra til at det vert generelt vanskelegare å få tak i litteratur. Dette vil kunna forsterka ei kulturell og intellektuell utarming av distrikta.

Dersom marknadskreftene aleine skal avgjera bokprisane, kan det til domes over tid verta vanskeleg å halda oppe prinsippet om at skulebøker på nynorsk og bok-

Dei mest kommersielle forlaga ser på nynorsk-bøker som marginale produksjonar.

mål skal ha lik pris – sjølv om dette er lovfesta i dag. Fri pris på bøker kan altså få som konsekvens at den reelle valfridomen elevlar skal ha til å velja anten nynorsk eller bokmål, vert endå meir uthola enn i dag.

Ei slik utvikling er me ikkje tente med.

Sterkare konkurranse og eit prispress på bøker vil nok i utgangspunktet kunna sjåast på som positivt for brukarane. Men mange forlag brukar forteneasta eller noko av forteneasta frå bestseljarane sine til å sikra utgjeving av litteratur retta mot mindre målgrupper.

Dei mest kommersielle forlaga ser på nynorsk-bøker som marginale produksjonar. Lågare marginar på dei «sikre» bøkene kan føra til mindre evne og vilje i forlaga til å satsa på bøker som tradisjonelt sel dårlegare. Alt i alt kan dette føra til ei endå sterkare kommersialisering av bransjen, og til svekking av mangfaldet.

Politiske styremakter må vurdere å innføra ei ny boklov som sikrar utgjevingar av nynorsk litteratur, av debutantar, av smale litterære sjangrar og av litterære prosjekt som krev ein viss økonomisk risiko av forlaga.

Hareid-politikarane vil ha samanslåing

Formannskapet i Hareid kommune går inn for å halde fram prosessen fram mot ei samanslåing med nabokommunen Ulstein, melder Sunnmørsposten.

Formannskapet vedtok dette med 5 mot 2 stemmer, og mot rådmann Bent Grytten si tilråding om å stoppe den innleide prosessen mot ei samanslåing med Ulstein. I framlegget sitt har rådmannen peika på at det ikkje vil vere nokon økonomisk gevinst ved ei samanslåing, då kommunen ikkje vil få tilført meir pengar med det noverande inntekstsystemet.

Ei utgreiing som konsultentselskapet Agenda Kaupang har gjort på bestilling frå dei to kommunestyra, tilrår derimot ei samanslåing. I rapporten deira blir det mellom anna vist til betre høve til å levere gode kommunale tenester og til å gjere forvaltninga og samfunnsutviklinga betre, melder avisa.

Mange vil delta i bustad-prosjekt i distrikta

– Heile 82 kommunar har søkt om deltaking i prosjektet «Bustadetablering i distrikta». Det syner at satsinga er både attraktiv og viktig. Det seier statsråd Liv Signe Navarsete i ei pressemelding.

I 2012 er det sett av 20 millionar kroner til satsinga. 10-12 kommunar får vere med. I april blir det gjort kjent kva kommunar som får ta del i satsinga.

– Målet er å auka bustadtilbodet i distrikta. Nokre stader er bustadmarknadene små og usikre. Andre plassar manglar det bustader. Kommunar kan ha arbeidsplassar, men ikkje bustader til tilflyttarar. Tilskot til bustadetablering vil gjere det lettare å rekruttere kompetanse til slike kommunar, seier Navarsete.

Kommunane kan bruke tilskotet til å etablere bustader for utleige. Dei kan også gje tilskotet til personar som ynskjer å byggje eigen bustad. Ordninga vil også gje kommunane auka kompetanse i å leggje til rette for bustadutvikling.

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no

Mobiliserer motstand

– Eg ville gjerne markere motstanden min mot forslaget om å fjerne sidemålet, seier rektor ved Universitetet i Bergen, Sigmund Grønmo.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR

judith@norsk-plan.no

Han er ein av om lag 1700 personar som etter nyttår har meldt seg inn i Noregs Mållag. Etter at kunnskapsminister Kristin Halvorsen i januar gjekk ut med forslag om å svekkje sidemålet, har Noregs Mållag mobilisert stort, og organisasjonen har fått ei rekke nye medlemmer. Blant desse finn me universitetsrektor Sigmund Grønmo, styreleiar i Nei til EU, Heming Olaussen, stortingsrepresentant Laila Marie Reiertsen (Frp) og nestleiar i LO, Gerd Kristiansen.

– Eg fekk ei oppfordring om å melde meg inn, men meinte også sjølv at det var den rette tida for det, seier Grønmo.

Han er rektor ved universitetet som fekk Målprisen 2010 frå Noregs Mållag.

– For nynorsken og målsaka er Universitetet i Bergen det viktigaste universitetet. Dei tek eit nasjonalt ansvar for nynorsken – noko som er avgjerande for nynorsk som akademisk språk. For nye studentar som møter høgere utdanning for aller fyrste gong, er det veldig lett å velje bokmål fordi det er det lettaste, og fordi alle andre gjer det. Difor er det svært viktig at Universitetet i Bergen held fram med å gje fagleg ryggstø for studentar og forskarar til å bruke nynorsken, sa leiar i Noregs Mållag Håvard B. Øvregård den gongen.

NYNORSK SOM FAGSPRÅK

– Universitetet i Bergen ligg i eit nynorsk-område og har eit ansvar for å utvikle nynorsken. Vår oppgåve er å stå i fremste rekke, og vi håpar det også gir gjengklang hjå andre universitet, der nynorsk kanskje ikkje er eit like stort tema, seier Sigmund Grønmo i dag og viser til at målprisen stimulerte til vidare arbeid for nynorsken.

– Grønmo ser fleire utfordringar for nynorsken framover og meiner det er viktig at Noregs Mållag står sterkt som organisasjon.

– Noreg ville blitt eit langt fattigare samfunn dersom ein tok vekk sidemålet. Både nynorsk og bokmål er viktige i norsk språk.


Som universitetsrektor ser eg fleire utfordringar framover, ikkje minst med Reiertsen (Frp) meiner ein må gjere nynorsken meir attraktiv, samstundes som ein må leggje høva til rette slik at fleire vil og kan bruke nynorsk. Dermed står ho litt på sidelinja i forhold til partipolitikken i Frp.

– Eg ser det er blitt slik, at snakkar ein om sidemål, så snakkar ein om nynorsk. For meg som voks opp i ein nynorsk-kommune, med bokmål som sidemål, kan eg ikkje sitje stille utan å kommentere no. Nynorsken er ein del av kulturen og identiteten vår, det å ha kunnskap om eit anna språk er og bør vere viktig.

Reiertsen har sjølv opplevd fleire sidar ved å bruke nynorsk offentleg. – Når eg skriv innlegg til avisene på nynorsk, er det ofte ei eller fleire aviser



ATTRAKTIV: Stortingsrepresentant Laila Marie Reiertsen (Frp) meiner ein må gjere nynorsken meir attraktiv, samstundes som ein må leggje høva til rette slik at fleire vil og kan bruke nynorsk. (Foto:Frp)



I KVARDAGEN: Nestleiar i LO Gerd Kristiansen meiner ein må gjere nynorsken meir tilgjengeleg. Då vert det òg lettare å få fleire til å nytte ban i kvardagen. (Foto: Trond Isaksen)



ULIKE KREFTER: Heming Olaussen i Nei til EU er meir oppteken av kva krefter som vil styrkje eller byggje ned både nynorsk og dialektbruk. (Foto: Nei til EU)



FREMST: Rektor ved Universitetet i Bergen, Sigmund Grønmo meiner oppgåva til Universitetet i Bergen er å stå i fremste rekke for å utvikle nynorsken. (Foto: UiB)

– Mitt perspektiv er meir politikken i stort, kva krefter som vil styrkje eller byggje ned både nynorsk og dialektbruk. Nynorsken, som alle motkulturar, blir pressa av sentralisering og elitisme. Det er viktig å vere stolt, slår han fast.

– Korleis kan ein styrkje nynorsken framover?

– Det har eg ikkje tilstrekkeleg oversikt over, men kanskje Noregs Mållag bør interessere seg for EØS-avtalen sin sentraliserande og distriktsnedbyggjande effekt? Ein bør kanskje også vere nøye på kven ein stemmer på ved stortingsvalet i 2013?

– MÅ BLI MEIR ATTRAKTIV

Stortingsrepresentant Laila Marie Reiertsen (Frp) meiner ein må gjere nynorsken meir attraktiv, samstundes som ein må leggje høva til rette slik at fleire vil og kan bruke nynorsk. Dermed står ho litt på sidelinja i forhold til partipolitikken i Frp.

– Eg ser det er blitt slik, at snakkar ein om sidemål, så snakkar ein om nynorsk. For meg som voks opp i ein nynorsk-kommune, med bokmål som sidemål, kan eg ikkje sitje stille utan å kommentere no. Nynorsken er ein del av kulturen og identiteten vår, det å ha kunnskap om eit anna språk er og bør vere viktig.

Reiertsen har sjølv opplevd fleire sidar ved å bruke nynorsk offentleg. – Når eg skriv innlegg til avisene på nynorsk, er det ofte ei eller fleire aviser

som kjem med rosande ord for at eg gjer det. Samstundes veit eg at nokre aviser vel innlegget vekk fordi det står på nynorsk. Då har me ei utfordring, meiner ho og viser til at kravet om å ha skriv i det offentlege tilgjengelege både på nynorsk og bokmål er viktig i alle kommunar.

RIS BAK SPEGELEN

– Personleg har eg alltid sympatisert med målsaka. I det siste har det vore tiltakande press på sidemålet, altså nynorsken, frå skulebyråden i Oslo. Samstundes vart det gjort framlegg om å endre sidemålsstatusen i skulen. Samla gjorde dette at eg kom til at det ikkje er nok å ha sympati for nynorsken, eg må syna det òg. Massivt aukande medlemstal til Noreg Mållag er ein klår bodskap om at målsaka er viktig for meg og for mange andre, seier nestleiar i LO, Gerd Kristiansen.

– På det språkpolitiske området ser ho mange steinar ein må rydde av vegen.

– Me har eit klårt regelverk i Noreg, men det er mange krefter i ulike miljø som arbeider aktivt for å undergrave nynorsken. Skal ein vinne fram, meiner eg at ein må liggje hakket i framkant, tenkje nytt og sørgje for at det ligg ris bak spegelen om ein ikkje held seg til regelverket.

– Kva er den viktigaste utfordringa i språkpolitikken framover?

– Først og fremst må ein syna ungdommen kor viktig og fleksibelt språket er. Det oppnår ein best ved å gjere dei vane med å lese nynorsk, frå tidleg av. Både talt og skriftleg.

– Kristiansen meiner vidare at det er viktig å nytte nynorskformer som folk forstår. Ho meiner mange tekstar frå styresmakterne for mange kan vere vanskelege å lese uavhengig av målform.

– Eg saknar også nynorsken i aviser og andre medium. Gjer ein nynorsken meir tilgjengeleg, vert det òg lettare å få fleire til å nytte han i kvardagen, slår ho fast.

Sidemålsdebatt på landsmøtet

Landsmøtet til Noregs Mållag går av stabelen i Oslo 27. – 29. april. Frå programmet kan ein blant anna nemne Øystein Vangnes, som skal snakke om fleirspråklege fordelar, og språkrådsdirektør Arnfinn Muruvik Vonen, som skal ta for seg mållova og kva som skal til for at staten skal følgje mållova. Sidemålsdebatten kjem til å vere sentral under landsmøtet, til dømes skal Hanna Lehti-Eklund halde føredrag om korleis ein kan lære av sidemålsoppløringa i Finland.

-Diktarvegen er annleis

– Det blir kamp om prioriteringane i Nasjonal transportplan. De må engasjere dykk og halde fram med å kjempe for rute 13, sa samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa då ho vitja Diktarvegkonferansen.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det nye selskapet Fjordvegen Diktarvegen AS skal arbeide for å gjere rute 13 kjend, betre vegstandarden og samstundes skaffe trafikk og besøkande til kulturarrangement, organisasjonar og selskap langs vegen. Diktarvegkonferansen 2012 skal setje søkjelyset på korleis ein kan selje inn ideen og det nye selskapet til aktuelle samarbeidspartnarar.

– Rute 13 er ei legendarisk vegrute med dikting og kulturelle opplevingar langs



MÅ KJEMPE: Samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa meiner kommunane og dei involverte i Diktarvegen langs rv. 13 må kome på bana i høve NTP. – Fristen for fylkeskommunane sin uttale er i april, minna ho om. (Foto: Toyni Tobekk)

Vegen vidare

Sats på dei nolevande, sats på kulturen og ikkje berre litteraturen, ta med sidevegane og få for all del betre vegstandard.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det var nokre av signala, og kanskje dei tydelegaste, som kom fram på konferansen Diktarvegen, ein annleis veg.

Ein rundebordskonferanse med kulturorganisasjonane gav tydelege teikn til at mykje av aktivitetane knytte til Diktarvegen har vore for usynlege, og at ein i framtida må vere varsam med å berre fokusere på fem avlidne forfattarar. Marit Eikemo, kunstnarisk leiar for Litteratursymposiet i Odda, understreka kor viktig samtidslitteraturen er for Odda og for at symposiet har levd og vaks til slikt omfang.

Arnhild Litlerè, representant for Jon Fosse-dagane, oppmoda Diktarvegen om å ta avstikkerar ut frå riksveg 13 for å få med diktarar som har sitt opphav langs sidevegane. Det vart òg peika på at det allereie finst mange gode arrangement og institusjonar knytte til riksveg 13 og dei fem diktarorganisasjonane som står bak Diktarvegen. Men det er kanskje ein idé å utvikle eit konsept som femnar alt kulturlivet langs vegen, ikkje berre litteraturen, var eit av forslaga som kom opp rundt bordet.



INNSPEL: Diktarvegen bar vore for usynlege, og at ein i framtida må vere varsam med å berre fokusere på fem avlidne forfattarar. Marit Eikemo, kunstnarisk leiar for Litteratursymposiet i Odda. (Arkivfoto: Judith Sørbus Littlebamar)

FOR LITE PENGAR

Diktarvegen handlar ikkje berre om kultur, men også om veg og samferdsle. Parallelt med den kulturelle rundebordskonferansen var ei samling som diskuterte veg, med samferdsleminister Kleppa sine ord om rassikring og gul midtstripe frå tidlegare på dagen friskt i minne. At vegen er i tidvis slett forfatning og har sine fysiske utfordringar, var såleis ikkje eit tema i seg sjølv, men lokka likevel fram fleire forslag til korleis ein kan finansiere utbetringar og oppgraderingar. Det er også vesentleg

å halde trykket oppe på dei indre stamvegane og ikkje berre fokusere på ytre kyststamveg. Her må fylkeskommunane forplikte seg og jobbe saman mot felles mål, sa Mona H. Hellesnes, fylkesvaraordførar i Hordaland.

MÅ FORPLIKTE SEG

Organisasjonen Fjordvegen Diktarvegen har no formalisert seg som eit aksjeselskap. Dette er den fjerde konferansen med Diktarvegen som tema, og kommunane, kulturorganisasjonane og næringslivet langs rute 13 blir no bedne om å støtte

opp om organisasjonen ved å kjøpe seg inn i aksjeselskapet.

– Dette blir det viktigaste for oss no fram mot generalforsamlinga i juni. At kommunane og organisasjonane forpliktar seg, er avgjerande for at vi skal greie å få på plass den administrasjonen vi treng, og som kan jobbe med dette vidare, seier styreleiar Solfrid Borge.

vegen, og det er med på å gjere denne vegen interessant, sa Kleppa, som samstundes understreka at ho var godt orientert om dei samferdslemessige utfordringane vegen har.

STERKE KREFTER

– Ja, Fjordvegen Diktarvegen er eit annleis prosjekt, Diktarvegen er ein smal og svingete veg med identitet og folk som vil kjempe for å skape noko langs han. Mi klare oppgave er å bidra til at standarden blir betre.

Men det vil krevje store summer å få til ein betre vegstandard, og rute 13 er med og kjempar om pengar som også skal stette behova for veg og kollektivtilbod i sentrale strøk, minna ho om.

At det finst ein ytre stamveg, kyststamvegen E39, som konkurrerer om dei same midlane og om merksemda frå så vel folkevalde, næringsliv og dei som bruker vegen, såg ho ikkje nokon motsetnad i. Vegane utfyller einannan, meinte ho, men innrømma samstundes at den indre stamvegen fort hamnar i skuggen av den ytre.

– Riksveg 13 viser mindre att, det bur trass alt færre folk langs den vegen, sa ho og kom seinare med ei klar formaning om å ikkje sleppe frå seg dei høva ein har til å påverke gjennom NTP.

– De veit korleis kjøret er på E39 og ferjefri ytre stamveg, så de må guffe på, var hennar oppmoding.

Sture valt til ny leiar i Norsk Målungdom

Vebjørn Sture (24) frå Stavanger blei søndag valt til ny leiar i Norsk Målungdom. Han framhevar norskfaget som ein av dei viktigaste sakene for året som kjem.

Han blei valt ved akklamasjon på landsmøtet til Norsk Målungdom på Voss søndag.

Det neste året blir ein norskfagsmaraton fram mot læreplanrevisjonane våren 2013. Vårt oppdrag er å sørje for at norskfaget skal bli eit fag som gjer elevane skriveføre i både bokmål og nynorsk, uansett kva dei har som hovudmål. Det er dessverre ikkje alltid tilfelle i dag, seier Sture.

Sture er også opptatt av organisasjonsvekst. Målet er å gjere Norsk Målungdom større og sterkare.

Sture blei i 2004 lokallagsleiar i Norsk Målungdom i Stavanger. Året etter blei han medlem i landsstyret. Dei siste fem åra har han hatt fleire roller i sentralleddet i organisasjonen, blant anna som økonomiansvarleg og nesileiar. Sture er utdanna snikkar og vaks opp med bokmål som hovudmål, men bytta til nynorsk som hovudmål på vidaregåande skule. (NPK)

TURISTVEGAR EIT PLUSS

Ho minna òg om at høyringsfristane nærmar seg for fylkeskommunane, som må kome med innspela sine til NTP-forslaget i april.

– Regjeringa har ikkje bestemt rammene for neste nasjonale transportplan enno. Sjølv om etatane har levert inn forslag ut frå ein instruks om å tenkje seg ein auke på opptil 45 prosent, kan rammene for neste NTP bli lågare eller høgare enn det, freista ho.

Det framlegget til NTP som er kome no, er dessutan nettopp det; eit framlegg.

Stortingsmeldinga som kjem neste år, og som skal strekkje seg frå 2013 og 10 år fram, er ikkje spikra, minna ho om.

Kleppa passa også på å trekke fram Nasjonale turistvegar og peikte på at fleire av vegstrekke langs rv. 13 har fått status som nasjonal turistveg.

– De skal ikkje undervurdere dei høva som ein slik status gjev til kultur- og næringsutvikling.

Diktarvegen rv. 13 går frå Sandnes i sør til Sunnfjord i nord. Forfattarane Arne Garborg, Per Sivle, Jakob Sande, Rasmus Løland og Olav H. Hauge og

litteraturorganisasjonane deira dannar plattformen i prosjektet. Diktarvegen har no slått seg saman med IS Fjordvegen, og saman skal dei arbeide for å få til eit samarbeid mellom kultur, næring, kommunikasjon og offentleg forvaltning som kan løfte fram rv. 13, identiteten til vegen, kulturen og opplevingane langs vegen.



(Foto: Toyni Tobekk)

Høyr på ungdommen

Bygg Diktarvegen med kunnskap og kreativitet, sa den svenske kulturentreprenøren Putte Svenson Sahlin då han gjesta Diktarvegkonferansen på siste dagen.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Og høyr med dei yngste korleis dei vil ha det. Eg blir blitt bekymra når eg

står her og ser at gjennomsnittsalderen i salen er 50 år. Gå til dei som er under 15 år og høyr kva idear dei har. For dei er alt mogleg, dei har ikkje lært seg å seie nei, var beskjeden frå ein som snakkar av eigen erfaring.

Som 15-åring var Svenson initiativtakar til Hultsfredfestivalen, den første rockefestivalen i Sverige si historie. Med ungt pågangsmot og ein urokkeleg tru på at alt er mogleg, sette han i sving ein festival som på nittitalet nådde ufattelege høgder. Den vesle byen Hultsfred med 4500 innbyggjarar var på det meste vertskap for 30 000 festivaldeltakarar. Sidan har han vore med på å utvikle skular, campingplassar og andre kulturarrangement, og han

er i dag ein ettertrakta kulturentreprenør og foredragshaldar.

Har barna vore med på å påverka det som skal skje langs riksveg 13, vil dei kjenne ansvaret for det i framtida, seier Svenson, som ikkje sjølv er redd for å invitere 8-åringar som referansegruppe for prosjekta sine. Han er heller ikkje redd for å dra resonnementet enno lenger:

– Lytt ikkje til kva staten seier, tenk heller sjølv.

– Det er hundre gongar viktigare å kalle vegen Diktarvegen enn riksveg 13. Diktarvegen er unikt, sa kulturentreprenøren.

startside /
www.startside.no

Klikk deg til meir nynorsk!
Kvart klikk gjev inntekter til meir nynorsk på nett!

Sjå kva du kan gjera for å få meir nynorsk på nett:
www.framtida.no/tags/framtida

Spleisar på ingeniørar

Fire industribedrifter på Stord har gått saman om å dekkje regionen sitt skrikande behov for ingeniørar.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Sunnhordlandsregionen har stor trong for ingeniørar.

Vi er dessutan ikkje spesielt sentralt plasserte, så det er vanskeleg for oss å få nok fagfolk til å kome hit for å arbeide, seier Trond Haga frå Kværner Stord.

– I staden for å sitje og vente på at ting skal ordne seg, sette vi derfor i gong og laga vår eiga utdanning. Saman med bedriftene Advantec, Wärtsilä og Apply Leirvik har Kværner dermed greidd å få på plass ei 2-årig fagskuleutdanning innan elektro og maskinteknikk. Dei første 35 studentane sette seg på skulebenken i oktober.

SPLEISELAG

Desse fire bedriftene har i dag om lag 3000 arbeidsplassar og driv med bygging av offshoreinstallasjonar, oljeservice, design og bygging av framdriftsmaskineri til skip og skipsdesign. Til pilotprosjektet Teknisk utdanning i Sunnhordland har dei no fått 2,2 millionar kroner frå Hordaland fylkeskommune. Dei involverte bedriftene har gjeve tilsvarande beløp, slik at prosjektet no har 4,4 millionar kroner til rådvelde. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har òg gjeve ein mindre sum i spleiselaget.

Sjølve gjennomføringa av studiet er også eit stort spleiselag: Bergen tekniske fagskole er ansvarleg for tilbodet og står for gjennomføringa av undervisninga saman med Stord vidaregåande skule. Sistnemnde held også lokale for skulen. Bedriftene sjølve bidreg også tungt med lærekrefte.

NESTE STEG

– Utdanninga av ingeniørar er tenkt gjennomført trinnsvis, og det første steget er den tekniske fagskulen, seier Trond Haga.

– Neste steget er ingeniørutdanning ved Høgskolen i Bergen, med assistanse frå høgskulen i Haugesund. Her planlegg ein



ANSVARLEGE:PÅ SKULEBENKEN: 35 tilsette frå fire ulike industribedrifter på Stord har fått plass på det toårige fagskuletilbodet bedriftene skipa til i haust. (Foto: Bjarte Brask Eriksen)

å ha dei same to studieretningane; elektro og maskinteknikk.

– Vi planlegg oppstart av det første kullet med ingeniørhøgskolestudentar hausten 2012. Da vel vi å starte med ein klasse på elektroingeniørlina. Året etter reknar vi med å ha i gong ein elektroingeniørklasse, fortel Haga.

ØNSKJER MASTER

– Dette er ei utdanning der vi legg til rette for vidareutdanning av fagarbeidarane våre, forklarar Trond Haga. – Men vi har ambisjonar om å kunne tilby studentane våre masterkurs når dei har avslutta fagskulen og bachelorstudiane, slik at studentane kan gå frå fagmann til sivilingeniør.

For å ha høve til å gjennomføre dette studiet har studentane fått tilbod om å gå ned i to tredelar av stillinga si. Det betyr i

praksis at dei går på skule éi veke og jobbar i to. For å kompensere for lønstopet får dei eit tilskot frå verksemdene som gjer at dei totalt kjem opp i 80 prosent løn.

MANGE VIL STUDERE

Interessa for å delta på fagskulen har vore stor.

Med to klassar på til saman 35 plassar var det mange søkjarar som ikkje kom med i denne omgangen. Ein av dei som greidd å få plass, var Bjarte Urdal. Han jobbar i dag som instruktør på opplæringsavdelinga på Kværner Stord. Han er utdanna industrimekanikar og kontrollør for løftereiskap. Målet hans er å fullføre ei ingeniørutdanning, og då er to år på fagskule ein god start.

– Det eg får ut av dette, er meir kompetanse i jobben og større tryggleik

seinare i livet, seier han. Han tenkjer då på den store etterspurnaden det er etter ingeniørar, og som ektefødd stordabu ser han for seg at ei slik utdanning vil gje han godt grunnlag for ha sikker jobb i framtida.

– For meg passar denne utdanninga veldig godt. Eg hadde eigentleg planar om å byrje på Bergen tekniske fagskole i haust, men no tek eg heller dette her.

SITATET:

– Skulen er ein av dei viktigaste samfunnsinstitusjonane for den plassen nynorsk skal ha i Noreg, og språkleg ballast er lett å bere.

Bente Riise i leiaren i Syn og Segn



TO KOLLEKSJONAR: Ei historie kvart år frå Roald Kaldestad sin penn dekkjer to kleskolleksjonar. (Foto: Dundelina)

Bok + klede = forretning

Kvart år gir klesprodusenten Dundelina ut ei ny forteljing av Roald Kaldestad som er med på å setje sitt preg på kolleksjonen.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Kleda som Dundelina sel no, ber alle preg av årets historie: «Dundelina og drivhuset». Dundelina er ei lita jente som Kaldestad har spunne historier rundt, no på fjerde året.

Dagleg leiar og designar i Dundelina, Monica Sanchez, fortel at ho kom i kontakt med Kaldestad då ho flytta frå Colombia til Noreg og byrja lage barneklede. Saman har dei laga eit konsept for utvikling av barneklede som Sanchez er svært nøgd med.

– Roald Kaldestad kjem til oss med utkastet til ei historie, og så diskuterer vi det saman.

Det gir Sanchez bilete ho kan jobbe vidare med, og Kaldestad lagar ferdige ei historie av det. Det blir gitt ut ei historie om Dundelina kvart år.

Til no har historiene vore sjølvstendige, men frå i år av skal kvar ny Dundelina-historie byggje vidare på dei førre.

Bøkene om Dundelina er ikkje å få kjøpt i butikken. Dei er tilgjengelege på klesmerket

sine heimesider som ei fargebok barna kan laste ned og skrive ut. Men Sanchez legg ikkje skjul på at ho ønskjer å gi ut bøkene mellom stive permar, og ho seier det er forlag som har vist interesse for dette.

Medan Kaldestad skriv, er det Sanchez som illustrerer bøkene, og det er ho som designar og produserer barneklede, der Dundelina og element frå historiene hennar går igjen. Klede blir produserte i Tyrkia, Colombia og Kina, og dei blir selde i butikkar over heile Noreg. I tillegg har dei ein nettbutikk.

Ho jobba på liknande vis den gongen ho budde i Colombia, med å ha små historier bak kvart einaste plagg.

– Eg ønskte å ha ei kopling mellom klede og noko som var meir enn berre eit tema som blomrar eller englar. Vi ville gi barna noko konkret dei kunne sjå på.

Konseptet med forteljing og klede er ikkje alltid så lett å forstå, det må gjerne forklarast. I alle fall for den vaksne, seier Sanchez.

– Barna tek slike ting mykje lettare.

Ein gong laga ho til dømes eit klesplagg med haitenner, eit konsept mor og far ikkje heilt såg. Men barna skjønte poenget med ein gong, fortel ho. Og når først mor eller far har teke poenget, så kjem dei gjerne att.

– Vi er heldige og har lojale og trufaste kundar, seier designar Monica Sanchez.



Charlotte Hauge
Informasjonskonsulent i Herøy kommune

Foto: Fotograf FOA.

PÅ KOMMUNEVIS

Informasjonskonsulentar i det offentlege – kva rolle har dei?

Har kommunen din ein tilsett som arbeider med kommunikasjon? No tenkjer eg ikkje på Kongsvinger kommune og Trondheim kommune, som har store avdelingar med mange kommunikasjonstilsette. Eg tenkjer på dei små kommunane som har ein tilsett – som sit og publiserer på nett og skriv pressemeldingar. Nyttar kommunane ressursane til desse som sit med kommunikasjonsrolla, på best mogleg måte?

I praksis ser ein ofte at informasjon vert sett på som eit vedheng til den kommunale verksemda, og ikkje som ein del av kjerneverksemda i organisasjonen.

Det er dette «vedheng» og vil snakke litt om. For når dei som ikkje har hatt ein informasjonsansvarleg, får ein slik, kan han eller ho nyttast på ulike måtar, alt etter kva slags kommunikator-rolle kommunen vel å gje den informasjonsansvarlege.

Vi har for det fyrste tekniskar-rolle (journalist-rolle), der dei tilsette skal ta seg av den tekniske biten, mellom anna nettpubliserings (både på Internett og intranett), skrive for internavisa, skrive artiklar og ta bilete og gje generell informasjon ut til publikum. Dei lagar gjerne òg til annonser, invitasjonar og plakatar, berre for å nemne noko.

Den tekniske rolla går gjerne ut på å utføre tiltak som vert sette ut i livet etter at dei har vorte planlagde. Forhåpentlegvis er dei allereie gjennomtenkte, og det ligg til grunn eit mål som er sett for denne typen kommunikasjon.

Så har vi strategikar-rolle. Her er kjernen i kva eg meiner ein informasjonsansvarleg/konsulent eigentleg ikkje blir nytta nok til. Eg ser på strategikar-rolle som den viktigaste rolla til dei som driv med kommunikasjon. Ho bør vere knytt direkte under rådmannen og naturleg nok innebære deltaking på leiar møte på lik linje med dei andre einingane. Tilsette med kommunikasjonutdanning har ein rådgjevande funksjon som gjev alle leiarar det innputtet dei treng for å kunne planleggje neste steg innanfor eit eller anna område.

«Informasjon som styringsmiddel – Dette tydar at informasjon må ses på som eit verkemiddel for å nå dei mål, på lik linje med andre verkemiddel som juridiske, økonomiske, fysiske/tekniske og organisatoriske». (Arne Simonsen, 2007)

Kvifor det, tenkjer du?

Den strategiske informasjonsrolla er viktig for korleis ein kan bygge opp dei kjerneverdiane ein organisasjon bør ha, innanfrå. Desse bør liggje til grunn for kva slags type språk og verkemiddel vi skal nytte til dagleg. Korleis skal eit skjema sjå ut, korleis skal det vere universelt utforma, og er informasjonen lett å forstå?

Retningslinjer og gode rutinar som er godt innarbeidde, gjev oss eit høve til å skape lik tankemåte for dei tilsette i organisasjonen. På den måten hindrar vi at informasjon og oppførsel sprikjer og kan endrast kvar måned – når nokon føler for det.

Døme: Vi held på med ein prosess der vi har laga til ein profileringsmanual for dei tilsette og organisasjonen. Det er særskilt viktig at vi i det offentlege står fram som éi sameining og ikkje som tusen indre stemmer som bryt seg ut samtidig. Det er vanskeleg nok å forstå kven det offentlege er, og korleis vi snakkar. Korleis vil det sjå ut om alle oppfører seg ulikt og har kvar sin blome eller eit smilfjes som helsing på e-posten sin?

Vi håpar med profileringa å skape forståing blant dei tilsette for problematikken og skape ein intern debatt om kven vi skal vere framfor innbyggjarane våre. Vi vonar dei fleste vil vere einige i at ein felles mal på ei e-posthelsing er til det beste for dei som er utanfor organisasjonen vår, og ikkje dermed gjer alle tilsette anonyme, og at vi kan sjå det frå publikum si side.

Andre ting strategien hjelper med: plan for ulike kommunikasjonsformer innanfor til dømes sosiale medium. Kursing av tilsette og leiarar innanfor artikkelsskriving og målgruppe-kommunikasjon, undersøkingar, krisekommunikasjon/beredskap, endringskommunikasjon, prosjekthandtering, rekruttering, næringsamarbeid; her kunne lista berre gått vidare.

Mitt råd til kommunane er som fylgjer: Gi plass til informasjonsverksemda no – tenk over om du berre vil nytte kommunikasjonstilsette til å gje einvegsinformasjon, eller om du skal nytte ressursen din til å skape gode synergiar og tovegskommunikasjon òg.

BEST WESTERN HOTELL

BONDEHEIMEN

Sidan 1913

– Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden

– Med LNK kortet får du alltid beste pris hos oss

Rosenkranz gate 8
N- 0159 Oslo
+ 47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com

Fjas til folket

Sigmund Falch (46) fann ut som barn, at han ikkje var den tøffaste eller den flinkaste, og satsa dermed på humor for å hevde seg i ein stadig skiftande skulekvardag.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Sidan har han levd av humor. I fjor kom den fjerde boka hans med gamle bilete og tekst på nynorsk ut.

På spørsmålet om kor lenge han har drive med humor, svarer 46-åringen:

– Eg har halde på med det heilt sidan barndommen. Eg sat for meg sjølv og skreiv nye dialogar til NRK sin radiofigur Stutum, så var det russeavis og russerrevy. Etter kvart blei humor ikkje berre noko eg dreiv med på fritida, men også som arbeid.

– Kvifor blei det humor du valde å drive med?

– Eg trur kanskje ein kan kalle det ei slags realitetsvegring. Eg byta ofte skule då eg var liten, eg hadde spontane foreldre som prøvde ut mykje. Eg fann ut at eg ikkje var den tøffaste eller den flinkaste, men at eg kunne vere morosam. Humor fungerte godt som ein isbrytar for meg.

– I tillegg er det jo gøy å drive med, og i Noreg går det heldigvis også an å leve godt av det, legg han til.

Han er gift, har to søner på 14 og 16 år og bur på Kolbotn.

– Sønene mine synest nok at eg har ein pussig jobb, men dei er opptekne av humor, dei også. Likevel prøver eg vel å seie til dei at å jobbe med det eg gjer, ikkje er noko du berre kan bestemme deg for, og eg ønskjer jo helst at dei skal velje å drive med noko anna, seier han med eit lite flir i røysta.

TILSETT I NRK

Wikipedia kallar han regissør og manusforfattar. Forlaget hans seier om han at han har lang arbeidserfaring som tekstforfattar i reklamebyrå, og at humor alltid har vore forma. I tillegg har han halde på med mange prosjekt ved sida av reklamen, mellom anna radioseriar, teikneseriar, bøker og hundrevis av sketsjar til *Hallo i uken* på P2. Sidan i fjor haust har han vore fast tilsett som produsent og prosjektleiar i NRK si humoravdeling.

– Kva jobbar du med nå?

– Akkurat nå jobbar eg med ein ny situasjonskomedie for heile familien, som etter planen skal gå på laurdagskveldane frå hausten 2013. Før det har eg jobba med den nye serien til Kristian Valen, fortel han.

– Kva ler du best av sjølv?



VERKEMIDDEL: Humorforfattar Sigmund Falch nyttar nynorsk som eit verkemiddel, for å skape ei kjensle av bøgtdid og alvor, som igjen kan oppfattast som morosamt. (Foto: Berit Roald)

– På eitt eller anna vis er det jo litt øydeleggjande å jobbe med humor, fordi du får eit litt analytisk forhold til det. Eg ler vel kanskje mest av ting som eigentleg ikkje er meinte å vere morosame. Men det er mange flinke humoristar. Atle Antonsen, til dømes, han er berre genuint morosam, seier Falch.

– Eg prøver å få med meg mykje av det som skjer når det gjeld humor i Noreg. Eg går på små, rare oppsetnader og på dei store revyane. Då ser eg etter den genuine og oppriktige humoren, held han fram.

VILLE UNDERHALDE SEG SJØLV

I 2008 kom den første humorboka hans med gamle bilete og nynorske bilettekstar ut.

– Eg fekk ideen til dette konseptet ein gong eg var sjuk og prøvde å underhalde meg sjølv. Eg leita eigentleg etter bilete av Henrik Ibsen, for eg gjekk med tankar om å lage ei alternativ bok til Ibsen-året.

Eg fann ingen bilete av Ibsen, men derimot fann eg eit fantastisk biletearkiv som Nasjonalbiblioteket hadde gjort tilgjengeleg på nettet. Så byrja eg å tenkje kring desse bileta – kva er det eigentleg som føregår her? Så skreiv eg små bilettekstar til bileta. Eg viste desse bileta og tekstane

til faren min, og han lo godt. Faren min har god humor, så derfor sendte eg bileta og tekstane til eit forlag. Dei ville gjerne ha det, fortel humoristen. Så byrja ballen å trille. Han gav ut *Ho peika på Ceylon* og viste ein *pupp*, sidan kom *Dei likar ikkje grovisar i Rotary* (2009), *Redlight Setesdal* (2010) og sist *Dei tek ikkje tran i Texas* i fjor. Til hausten skal det etter planen kome ei femte bok i den same sjangeren.

– Kvifor har du valt å nytte nynorsk i bilettekstarne?

– I det første utkastet prøvde eg meg på ei liksom-dialekt, men det fungerte ikkje. Eg ville at teksten på ein måtte skulle setje ein tilbake til den tida bileta er tekne i. Eg valde ikkje nynorsk fordi det er gamaldags, men fordi det for ein kar frå Hamar er litt høgtideleg, og bileta er også høgtidelege, strame og strukturerte, seier Falch.

– Are Kalvø nyttar jo også nynorsk, og eg føler at det gjev han ei tyngde. Eg synest bileta kler nynorsk.

BRUKAR NYNORSK SOM VERKEMIDDEL

– Har du fått tilbakemeldingar frå nynorsk-miljøet på valet av målform?

– Nei, ikkje eigentleg, men forfattaren Edvard Hoem, som er ein nynorskmann,

er fan av bøkene, så det må vel bety at det ikkje støytar nokon at eg nyttar nynorsk som eit verkemiddel.

Humorist Are Kalvø har kjent Sigmund Falch i ei årrekke, og han har følgjande å fortelje om humorkollegaen:

– Sigmund kjenner eg jo opphavleg som ein fjerdedel av den merkelige tekstforfattargruppa *De Gyngende Seismologer*, som skreiv dei mest fjasete tekstane i *Hallo i uken* i alle år. Dette går så langt tilbake at eg knapt vågar å tenkje på det. 1991? 1992? No har denne kvartetten spreidd seg og er i ferd med å ta over Underholdnings-Noreg.

FJAS TIL FOKET

– Sigmund er, som dei andre seismologane, ei veldig fin blanding av tøysete og seriøs. Flink, iderik, genuint morosam og akkurat rar nok til å få idear som får oss andre til å måpe av misunnning.

Og undring. Eg trur for eksempel eg måpte då Sigmund fortalde meg om ideen med å kombinere gamle bilete og nynorske bilettekstar. Ein veldig, veldig rar idé som er forferdelig morosam. Mykje fordi han er så rar. Dette er kanskje dei bøkene i samlinga mi som er best eigna til å sende rundt på fest, held Kalvø fram.

IKKJE SÅ SMALE SOM HAN TRUDD

Sjølv er Falch overraska over responsen han har fått på dei fire humorbøkene sine.

– Eg trudde desse bøkene skulle vere ekstremt smale, men det viste seg at dei fanna mykje breiare enn kva eg trudde. Både unge og gamle og begge kjønn verkar å like dei, seier han med litt mistru i røysta.

Han kan fortelje at det har vore meir tidkrevjande å lage bok nummer fire enn den første.

– Viss ikkje teksten kjem tikkande med ein gong, så må eg berre leggje bileta bort, sjølv om eg har lyst til å bruke dei. Eg er også oppteken av at det ikkje skal bli masseproduksjon, og av ikkje å gå i dei same spora.

Sigmund Falch har eit prosjekt han drøyer om å fullføre ein dag.

– Det hadde vore morosamt å få gje ut ein roman ein gong. Eg har ein del stoff allereie og puttar heile tida idear i boksen, men eg synest det går litt for sakte, seier han drøymande til slutt.

Nå er det kvardagen som produsent som gjeld. Sjølv om han nå har eit administrativt ansvar i produksjonen, gav han i jobbintervjuet klar beskjed om at det ville vere dum bruk av han og evnene hans å berre bruke han til administrativt arbeid. Han får dermed framleis bidra i tekstproduksjonen. Det gjorde han mellom anna i Kristian Valen sin nye humorserie.

Kraftfond inn i LNK

Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder (KAA) melder seg no inn i LNK.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



(Foto: Sigurd Haugsgjerd/Setesdølen)

– Me ynskjer å vere med i ein organisasjon som vil arbeide for å utvikle ein god skriftleg nynorsk, seier dagleg leiar, Arne Tronsen.

KAA har hovudkontor i Valle i Setesdal.

– Me er ei verksemd som i alle år, sidan 1984, har nytta nynorsk som skriftleg målform, og me har hovudkontor i eit område som er sterkt forankra i nynorsk tradisjon, seier Tronsen, som meiner kraftfondet og språkkorganisasjonen deler mange verdiar.

Han seier at KAA ynskjer å vere med i ein organisasjon som har fokus på å halde på og utvikle eit godt skriftleg språk i nynorsk drakt.

– Det nettverket som me trur me vil finne gjennom LNK, vil òg vere viktig for verksemda i KAA. Nynorsk som målform

er dessutan meir handlingsretta enn bokmål. Dersom dette vert utnytta og utvikla, vil nynorsken bidra til skriftlege framstillingar som er tydelege og kortfatta. Eg meiner LNK har ei sentral oppgåve nett i dette, slår Tronsen fast.

Bli med i Fagforbundet!



Fagforbundet er det største forbundet i LO og har nå rundt 315 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemdar kan bli medlem i Fagforbundet. I tillegg organiserar vi tilsette i sjukehusa. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi har for rettferdig løn og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet jobber i mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Vi ynskjer ein sterk offentlig sektor som kan gi innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

Velkommen som medlem.
Send **Fagforbundet medlem** til **1980**



 FAGFORBUNDET



510 sjukeheimar

2800 barnehagar

360 symjehallar 1600 grunnskular

500 vassverk

500 vassverk 360 symjehallar 510 sjukeheimar

360 symjehallar

1600 grunnskular

500 vassverk

510 sjukeheimar 360 symjehallar

2800 barnehagar

KBN Kommunalbanken Norge

www.kommunalbanken.no

Bli tingar og få Pirion i posten 8 gonger i året for kr **235,-**

Pirion-kurs

Les meir på www.pirion.no

– Nynorsken må avmystifiserast

Nynorsk har aldri vore ei kampsak for Torgeir Dimmen (54). Likevel gler han seg til å kveikje nynorskgløden hjå lærarane.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

I ungdomsskuletida var Torgeir Dimmen medlem av den eksklusive klubben Club of Bachelors, eller CB-klubben som han blei omtalt i kvardagen. Per Halse, som seinare vart rektor ved Høgskulen i Volda, fortel om ei fargerik tid på ungdomsskulen i Ørsta.

Me vart ein god kameratgjeng, som hadde det kjekt saman både i friminutta, på bedehuset, i heimane og rundt i fjella.

CB-klubben var ein måte å vri konfirmantaldere sine jenteproblem i ein morosam retning på.

Me hadde mykje moro i den klubben. Etter kvart som me ikkje lenger stetta krava til ordinært medlemskap, fekk me alle status som æresmedlemmer, seier Halse.

Sjølv gifta han seg sist sommar, med Dimmen som forlovar.

Halse er ein av dei mange som strør rundt seg med godord når det kjem til Torgeir Dimmen. Torgeir Dimmen, som no er aktuell som ny leiar for Nynorsksenteret, har lang erfaring frå undervisningsstillinga si ved Avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda. Han har dessutan undervist i nordisk og mediefag ved lærarutdanninga. Ei tid som informasjonsleiar ved Ivar Aasen-tunet i Ørsta kjem også godt med i den nye jobben. I tillegg meiner Halse kameraten har den rette familiehistoria til å ta over jobben etter Anne Steinsvik Nordal, som har styrt senteret sidan starten i 2005.

– Å vere lærarson frå Ørsta er langt på veg ein sterk kvalifikasjon i seg sjølv, slår Halse fast.

Senteret Dimmen tek over, har i dag elleve tilsette og er eitt av åtte nasjonale senter som Kunnskapsdepartementet har oppretta for å styrkje opplæringa på ulike fagområde.

Mandatet vårt er ikkje å meine så mykje språkpolitisk, men å lage ei best mogleg nynorskopplæring i skulen frå barnehage til vidaregåande, seier Dimmen.

På nynorsksenteret sit kollega Janne Karin Støylen. Også ho er raus med godorda og kallar Dimmen både omgjeengeleg, skvær og raus.

Han har allereie funne fram ein konkret og effektiv måte å leie Nynorsksenteret på som er inkluderande, tydeleg og med god styringsfart. Eg er sikker på at han kjem til å leie senteret på ein førsteklasses måte framover.

Starten har ikkje berre vore enkel. Kristin Halvorsen og forslaget om å fjerne sidemålskarakteren i den reviderte læreplanen sette tonen for Dimmen sin oppstart i ny jobb.

Dei første vekene har vore både hektiske og lærerrike. Utsegnen frå kunnskapsministeren har teke mykje tid. Det har ikkje vore mykje tid til å lese seg opp; ein er blitt kasta rett inn i det.

Sjølvsagt er Nynorsksenteret ikkje har markert seg i debatten om nynorsken og sidemålet sin plass i det nye norskfaget, betyr ikkje det at senteret ikkje er engasjert.

– Dette går rett inn i kjernen av mandatet vårt, og for oss er det sjølvsagt svært viktig å vere med i den prosessen som foregår akkurat no. Men me kjem med innspela våre direkte til Utdanningsdirektoratet og ikkje i avisspaltene.

Derimot vil Dimmen gjerne snakke om korleis ein kan inspirere nynorsk lærarane til å undervise på ein spanande måte.

Nynorsk må avmystifiserast, skriftleg og munnleg nynorsk er ein sjølvsagd og naturleg del av språket norsk. All røynsle viser at auka kunnskap om nynorsk og auka kompetanse i nynorsk reduserer fordommane. Lærarar og lærarstudentar bør difor få betre opplæring i kva nynorsk er, og kvifor det er bra for alle nordmenn å kunne nynorsk.

Nynorsksenteret har mange tiltak for å styrkje nynorskopplæringa, og nettsidene deira fungerer som ein ressursbank for lærarar som er på leit etter nynorsk materiell. I tillegg gir dei økonomisk støtte til prosjekt dei har tru på. Dimmen trekkjer særleg fram to suksessiltak: å bruke nynorske lærebøker og nynorsk som tavlespråk i andre fag enn norsk og å introdusere målforma så tidleg som i tredje eller fjerdeklasse i bokmålsskular.

Må me tenkje nye og kreative tankar for å kveikje nynorskgløden i skulen?

Dersom nynorsken ikkje skal ende på museum, må me vere viljuge til å vurdere gamle standpunkt og gamle argument på nytt og ikkje avfeie all kritikk

som usakleg tull. Verda, inkludert språkstoda i Noreg, ser annleis ut i dag enn for tjuve eller førti eller hundre år sidan. Sanningar som gjaldt då, er ikkje nødvendigvis gyldige i dag.

Verda ligg der ute, og Torgeir Dimmen veit det er mange land med andre historier, historier som gir nye perspektiv. Som lærar på journalistutdanninga ved Høgskulen i Volda fekk Dimmen oppleve India, eit land med 1,2 milliardar innbyggjarar.

Me reiste ned på studieturar til India, eit land som har over 20 offisielle og fleire hundre lokale språk. Indarane er fleirspråklege, me møtte mange studentar som veksle mellom to-tre språk dagleg. Det var interessant å observere at det ikkje var noko problem. Her, derimot, blir det oppfatta som spesielt at me har tre språk.

På desse studieturane vart mediélærarane og studentane kjende med ein heilt annan kultur og ein annan måte å leve livet på.

Me skal vere litt auðmjuke her i landet og ikkje tru at vår vestlege måte er den einaste rette, seier han.

Han blir inspirert av entusiastiske og positive folk og ser fram til å ta fatt på nye oppgåver ved Nynorsksenteret.

Kamerat Per Halse dreg også fram den praktiske sida av Dimmen. I følgje Halse har den tidlegare kollegaen lagt ned mykje godt handarbeid i bygging av eiga hytte, steinlegging og muring.

– Det er ein draum, det, å vakne på hytta ein finværlaudrag utan avtalar. Eg drøymmer også om å reise meir der eg vil, både i Noreg og i andre land, seier han sjølv.

Eigentleg er lærarsonen frå Ørsta utdanna journalist, men enda opp som lærar.

Hadde eg satsa på journalistikken, hadde eg kanskje hamna i ein situasjon der eg måtte velje vekk nynorsken. Det er ein språkpolitisk kamp det også, å få lov til å skrive nynorsk i alle dei store avisene. Det har jo vore ei viktig kampsak for målørsla.

Som student på 1980-talet først i Oslo og så i Trondheim var han i mindretal som nynorskbrukar, men noko problem var det aldri.

– Nynorsk har alltid vore eit naturleg val for meg. Far var lærar og målmann, ja mor og eigentleg alle rundt meg var det.

Dimmen er filminteressert. Så interessert at han i si tid skreiv hovudoppgåve om Glaskula og spegelen. «Kjærligens ferjereise» som roman og film. Og så interessert at han no engasjerer seg i sonen si filmoppgåve på vidaregåande.

Me ser mafiafilmar som Gudfaren og Sopranos og diskuterer. Då likar far seg, seier han og ler.

Eg skulle gjerne sett meir film, men eg har ei pinglete kone når det kjem til sterke scener, så i kampen om fjernkontrollen i heimen må me ofte inngå kompromiss.

Hadde eg satsa på journalistikken, hadde eg kanskje hamna i ein situasjon der eg måtte velje vekk nynorsken.



(Foto: Arild Torvund)

SJØLVMELDING

Namn: Torgeir Dimmen

Alder: 54

Bur: Volda

Sivil status: Gift, tre born

Aktuell: Starta 1. januar som leiar for Nynorsksenteret

Les: Aviser, og romanar og biografier som er godt skrivne. Eg irriterer meg fort over platt og dårleg språk og legg lett bøker frå meg halvlesne, same kor opphaua dei er av forlaga.

Høyrrer på: P2

Førebilete: Nelson Mandela

Vil ha bokmål i Sel



VIL HA ENDRING: Otta skole vurderer no å bli ein bokmålskule. (Foto: Liv Annette Nygjerdet/Sel kommune)

Ei rådgjevande folkerøysting om skulemål på Otta skole i Sel kommune resulterte i 103 røyster for bokmål og 76 for nynorsk. Skulen har nynorsk som hovudmålform i dag.

TOYNI TOBEKK JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
toyni@norsk-plan.no judith@norsk-plan.no

Otta skole er ein nynorsk skule, men har vore språkdelt i mange år. Ifølgje Sel kommune har praksisen vore at foreldra melder frå ved skulestart kva målform dei ønskjer for barnet sitt. Dei første åra fordelte talet på nynorsk- og bokmålslevar seg nokså jamt, med ei overvekt av bokmål eitt år og ei overvekt av nynorsk eit anna. Tala frå skuleåret 2010–11, som vart lagt fram for kommunestyret i fjor vår, viste at 23 prosent av elevane frå 1. til 6. klasse hadde nynorsk som hovudmålform, medan 77 prosent hadde bokmål. Opplæringslova opnar for at det kan opprettast klassar i den andre målforma når ti eller fleire elevar krev det.

Dei andre skulane i Sel kommune har nynorsk som hovudmålform. Sel kommune er ein språkneutral kommune.

SITATET:

— Me nynorskbrukarar er ikkje vanskelegare enn at me lyser opp når me ser reklame på nynorsk, og sjølv har eg vurdert å gå over til å drikka skummamjolk etter at den kom på nynorsk.

Frå kommentaren Godt språk i Sogn Avis, skrivne av Sigbjørn Råsberg

— Den utløyssande faktoren for ei folkerøysting var at FAU ved Otta skole bad om at det vart sett på dette med målform. Over tid har ein sett at dette er ein nynorsk skule der berre rundt 20 prosent av foreldra vel nynorsk, kommenterer ordførar Dag Erik Pryhn (Ap).

FOR FÅ ELEVAR

— Forslaget er grunngeve med at talet på nynorskelevane var lågt. I tillegg høyrer eg argument som at mange tykkjer nynorsk er tungt å lese og skrivje, og at dei ikkje forstår kvifor borna må lære to skriftspråk, seier leiar i FAU, Irene Viken, som sjølv er trebarnsmor. Alle borna hennar har hatt nynorsk på skulen.

Kommunestyret i Sel vedtok derfor i mai i fjor å halde ei rådgjevande folkerøysting om eit eventuelt skifte av målform frå nynorsk til bokmål, og denne folkerøystinga vart halden måndag 12. mars i år. Berre seks prosent av dei som har stemmerett i saka, stemde ved folkerøystinga. Ordføraren seier han registrerer at engasjementet er relativt labert.

— Etter mi mening har kommunen orientert godt om det som skal skje, gjennom brev til foreldra, infomøter, informasjon til FAU og omtale i media.

LITE NYNORSK

Også Viken tykkjer at engasjementet er lite. Ho meiner dessutan at det blir trist dersom talet på elevar som etterlyser eit nynorsk tilbod, blir så lågt at det ikkje blir nynorskklasse.

Det er mykje bokmål i kommunen. Sjølv om det er ein språkdelt kommune, blir det aller meste i administrasjonen skrivne på bokmål. Samtlege elevar som kom frå ein annan av kommunen sine nynorsk skular i kullet som starta opp på Otta ungdomsskule i haust, gjekk også over til bokmål som hovudmål.

Det vart halde ei folkerøysting om målform også i 1971, som resulterte i eit fleirtal for bokmål på Otta skole. Den gongen var framme prosent på 40, men kommunestyret meinte at deltakinga var for dårleg til at ein ville gjere endringar basert på folkerøystinga, og Otta skole heldt fram med å vere ein nynorsk skule. Kva som blir utfallet denne gongen, vågar ikkje Pryhn å spå. Det er kommunestyret som skal ta den endelege avgjerda om målform, og ordføraren reknar med at saka kjem opp etter påske.

VIL LYTTE

— Kva meiner du sjølv om byte av målform på Otta skole?

— Eg har eit pragmatisk syn på dette. Eg er verken tilhengjer eller motstandar av nynorsk. Sjølv bruker eg mest bokmål. Men eg meiner vi må lytte til brukarane våre i denne saka, som på andre område, og terrenget her har vore ganske tydeleg i mange år, seier ordførar Pryhn. Han kan vidare fortelje at to andre skular i Sel kommune har vendt seg til kommunen og bede om å få ta målforma si opp til revurdering. Desse er to reine nynorsk skular som ikkje har vore språkdelt slik som Otta skole.

— Dette har vi ikkje teke stilling til enno, seier Dag Erik Pryhn.

Målpris til Miljeteig

Oddny Miljeteig har fått Hordaland Mållag sin målpris for 2012. Sidan Kristin Halvorsen sitt utspel om sidemålet i januar har ho verva 360 nye medlemmer til mållaget.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

— Eg trur me står ovanfor ein ny giv for nynorsken. Det vert uttrykt ein kjærleik og eit politisk engasjement for språket me ikkje har sett på lenge. Nynorsken må me ha, og nynorsken må styrkjast, sa SV-politikar Oddny Miljeteig då ho fekk prisen på Hordaland Mållag sitt årsmøte på Lindås på laurdag.

Etter at kunnskapsminister Kristin Halvorsen i januar gjekk ut og opna for å svekkja sidemålsordninga, har Noregs Mållag fått 1700 nye medlemmer. Miljeteig har så langt verva 360 av desse.

— Oddny Miljeteig har arbeidd for nynorsken i 40 år og har vist eit stort



(Foto:Hordaland Mållag)

engasjement, ikkje minst i den siste tida. Det kan henda at Kristin Halvorsen også hadde fortent prisen for å vekkja så mykje engasjement, men det er Oddny som fortener han mest, sa Martin Arseth, leiar i Hordaland Mållag, i ei pressemelding.



Jan Olav Fretland

Førsteamanuensis i norsk ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

SPRÅKRÅD

Krokodilletårene skvett!

I Utdanningsdirektoratet kviler dei aldri, i sut for at elevane skal bli flinke til å lesa og skrivja. Særleg i hovudmålet, og særleg viss det er bokmål det er snakk om. Det er få som kan nynorsk i den butikken. Dei fekk lokka kunnskapsminister Kristin H. til å gå inn for reduserte krav til sidemål, så dei stakkars elevane ikkje skulle ha den plaga, nedtyngde som dei er frå før. Det var visst nokre ungdomsskulelevar frå Oslo som hadde vore på besøk hjå statsråden, og dei hadde skildra lidingane sine. Slikk gjer inntrykk, må vita. Ho hadde visst ikkje snakka med elevar frå Nynorskland. I direktoratet hadde dei visst heller ikkje sjekka nyare forskning på området, som seier at å skriva og bli prøvd i eit språk- og er viktigaste motivasjonen for å lære faget. Direktoratet har nok heller ikkje fått med seg at forskning, mellom anna frå Canada, syner at elevar som lærer seg fleire språk tidleg, ofte får ei betre utvikla språkevne.

Så denne omsuta for nynorsk, berre elevane slepp å lære seg språket skikkeleg, er noko herk. Eg tykkjer det er meir reieleg med Uvngje Høgre-slagordet «La dem rautel!» Det er vulgært og tossete og stemplar dei som skriv, på ein presis og tydeleg måte. Vankunna skal stra om seg med billege slagord. Men verre er det med folk som er kunnskapsrike og kanskje vil nynorsken vel, når dei går inn for å redusera nynorskundervisninga.

Det kan vera at me målfolk er for aggressive og påstendige, sjølv sagt. Me burde sikkert vera meir opne for alternative prøveformer og eksamenstidspunkt og iallfall arbeida hardt for å utvikla nye og varierte metodar for å lære nynorsk. Statsråden har til dømes ymta fram på om ekstra studiepoeng for nynorskbrukarar. Ho har og trekt årane mest heilt inn etter ho kunnngjorde framleggja ho fekk frå direktoratet. Problemet er berre at når eit slikt utspel kjem, går alle rett i skyttargravene. Målfolka rasar, Unge Høgre jublar, og så går det ei god stund for ein kan diskutera nynorsk på sakleg vis att. Slik er det.

Sunnhordland
MEDIEHUSET

sunnhordland.no/job



Ledige stillingar i ditt nærrområde

- Søk i ledige stillingar på sunnhordland.no
- Enkelt og oversiktleg
- Ny kommunevis søkefunksjon
- Klikk deg inn på **Ledig stilling** i toppmenyen

sunnhordland.no

17.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar

* 1 snitt pr. veke

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

Kjempar for nynorsk trusopplæring

Kyrkja får kritikk for lite nynorsk i trusopplæringa. Målrørsla håpar eit eige lovverk skal sikre borna eit nynorsk tilbod.

TOYNI TOBEKK • JUDITH SØRHHUS LITTLE-HAMAR
toyni@norsk-plan.no • judith@norsk-plan.no

Magne Skjeldal var medlem i Bjørgvin bispedømeråd frå 2002 til 2012, dei siste seks åra som leiar. Han meiner det er fleire årsaker til at det er relativt lite nynorsk materiell i trusopplæringa.

IKO-forlaget, som truleg er dei som produserer mest materiell, er ei eiga stifting og har ansvaret for sin eigen økonomi. Dei peikar på at det ikkje er økonomi til gje ut alt både på bokmål og nynorsk. Frå Kyrkerådet si side er der kanskje vilje til begge målformer, men det skortar mykje på evna til å produsere god nynorsk. Mykje materiell ber preg av at ord for ord er blitt omsett frå bokmål. Noko handlar også om at for få nynorskforfattarar og komponistar har fått oppdrag i å vere med på å utarbeide materiell, seier han.

Skjeldal meiner ein treng prioritering av budsjettmiddel for å styrkje nynorsken og ikkje minst ei bevisstgjering frå dei som produserer.

– I høve dette med eit eventuelt lovverk så er ein jo midt i ein prosess med å skilje stat og kyrkje. Eg meiner at kyrkja sjølv må få vedta si eiga ordning av sine eigne organ, og at Stortinget i minst mogleg grad må detaljstyre i ei ny kyrkjelov. Slik sett er eg i tvil om det no er rett å kjempe for eit statleg lovpålegg, eg meiner det er betre at kyrkja sjølv tek ansvaret for nynorsken og.

Han vil ikkje samanlikne materialet i trusopplæringa med lærebøkene i skulen.

– Dette er meir ressurs- og støtterelatert, vil eg meine. Det er det enkelte soknet som utarbeider sin plan for trusopplæringa, og her skal ein jo leggje vekt på den lokale identiteten, som det heiter i Plan for trusopplæring. Dette vil òg innebære at språkbruken er bevisst, slik eg ser det.

Seniorrådgjevar Ragnvald Berggrav i Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet viser til at det er Kyrkerådet som har fullt ansvar for innhaldet i trusopplæringa, og som difor må stå til ansvar for alle språklege utfordringar.

– Det er stor merksemd frå enkelte for meir nynorsk i trusopplæringa. Kyrkerådet har god trening i å svare på slike spørsmål og er rette vedkommande, seier han.

Kristine Aksøy er seksjonsleiar for barn, unge og trusopplæring i Kyrkerådet og viser til at Kyrkerådet har motteke eit opprop frå gruppa *Språkleg rettferd* i



trusopplæringa om meir nynorsk i trusopplæringa, og at denne saka no er under førebuing og skal handsamast på rådet sitt møte i juni.

I FRÅSEGNA SOM vart overrekket Kyrkerådet, blir det peika på at det er viktig at alle barn og unge får trusopplæring og materiell på sitt eige hovudmål. Dei viser til jamstillingskravet skulen har, og ynskjer at undervisningsmaterialet som er knytt til trusopplæringa, får same krav om å ligge føre både på bokmål og nynorsk til same tid og til same pris.

Gruppa meiner det er særskilt viktig at born og ungdom får høyre, lese og framføre tekstar på nynorsk. Likeeins er det viktig at dei får høve til å syngje på

nynorsk. Kravet til jamstilling må gjelde trusopplæringsmateriell produsert av IKO, Søndagsskuleforbundet og andre frivillige organisasjonar.

Gruppa sende hausten 2010 ut brev til bispedømeråd og sokneråd med spørsmål om tilslutning til fråsegna om nynorsken sin plass i trusopplæringa. Brevet vart sendt til alle bispedømeråd, alle sokneråd i bispedøma i Stavanger, Bjørgvin og Møre og nokre sokneråd med nynorsk kyrkjemål i andre bispedøme. Rundt 100 sokneråd har slutta seg til fråsegna, og fem bispedømeråd, Oslo, Bjørgvin, Møre, Nidaros og Stavanger, har vedteke fråsegna eller deler av den. Kyrkerådet er no bedt om å slutte seg til fråsegna.

KYRKJERÅDET ER POSITIVE til intensjonen om at barn og unge bør få materiell og opplæring på hovudmålet sitt. Når det gjeld materiell som per i dag blir sendt frå Kyrkerådet til breidda av målgruppa, blir mykje av det produsert på både bokmål og nynorsk. Dette gjeld til dømes konfirmantbrosjyren, som blir sendt direkte til alle i årsskulet, og programpakane til breiddetiltaka LysVakten og Tårnagentane. Og mellom anna er trusopplæringsplanen og nettstarar som Konf.no å finne både på bokmål og nynorsk, skriv Aksøy i ein epost.



På spørsmål om kvifor nettsida Barnogtro.no ikkje er på nynorsk, svarer ho dette:

– Nettstaden Barnogtro.no er utvikla av Nordberg kyrkjelyd i Oslo på bakgrunn av tildeling av forsøks- og utviklingsmidlar frå Kyrkerådet. Målsetjinga var å prøve ut digital kommunikasjon og relasjonsbygging mellom kyrkjelyd og dåpsforeldre, fadrar og barn. Då dette i første omgang var for Nordberg kyrkjelyd sine medlemmar, blei målform ikkje løfta fram som eit tema. Ansvaret for nettstaden er nå overført til Kyrkerådet og marknadsført på Kyrkja.no, i tillegg til at kyrkjelydar kan vise til Barnogtro.no på sine lokale nettstader. Vi er i ein mellomfase, der innhaldet på Barnogtro.no skal reviderast, og nettstaden skal lanserast på nytt i andre halvår 2012. I den samanheng er det naturleg å publisere innhald der på begge målformer.

Helga Hjetland er tidlegare leiar av Utdanningsforbundet og no styremedlem i Noregs Mållag. Ho har også vore med i aksjonsgruppa *Språkleg rettferd* i trusopplæringa. Ho meiner det kan vere mange grunnar til at det er meir materiell på bokmål enn på nynorsk i trusopplæringa.

Det kan vere at det er få nynorskskribentar innanfor dette området, eller at det er lite medvitte om god omsetjingsarbeid frå bokmål til nynorsk. Ein del av det materielle me har på nynorsk, er diverre prega av dårleg omsetjingsarbeid frå bokmål. Forlaga tenkjer vel også økonomi og at det er færre som

vere både på bokmål og nynorsk. Aksøy legg vekt på at Kyrkerådet for å bøte på dette vil stille krav til dei som får støtte til produksjon av trusopplæringsmateriell som er retta mot breidda av barn og unge, om at dei må jamstille produksjonane for å kunne ta i mot støtte.

Kyrkerådet vil i 2012 lage ei utgreiing om kva konsekvensar ei jamstilling av språka vil få for dei som produserer materiell og bøker til trusopplæringa, og kva ein kan finne av støtteordningar, for å stimulere til å gje ut publikasjonar på både bokmål og nynorsk samstundes.

Helga Hjetland er tidlegare leiar av Utdanningsforbundet og no styremedlem i Noregs Mållag. Ho har også vore med i aksjonsgruppa *Språkleg rettferd* i trusopplæringa. Ho meiner det kan vere mange grunnar til at det er meir materiell på bokmål enn på nynorsk i trusopplæringa.

Det kan vere at det er få nynorskskribentar innanfor dette området, eller at det er lite medvitte om god omsetjingsarbeid frå bokmål til nynorsk. Ein del av det materielle me har på nynorsk, er diverre prega av dårleg omsetjingsarbeid frå bokmål. Forlaga tenkjer vel også økonomi og at det er færre som

opp samtalen me har hatt med direktøren i Kyrkerådet.

– Det er viktig at borna får møte og arbeide med like godt og spanande trusopplæringsmateriell på nynorsk som på bokmål.

Helga Hjetland

kjøper nynorsk materiell, eller det kan vere store produksjonskostnader. Kanskje ein ikkje trur det er så viktig med språket i trusopplæringa? spør ho.

Ho meiner språk er viktig, og at språk også handlar om røter, identitet, nærleik og kjensskap.

– Det er viktig at borna får møte og arbeide med like godt og spanande trusopplæringsmateriell på nynorsk som på bokmål, slår ho fast.

Så langt har arbeidet handla om møter med IKO og med Kyrkerådet.

– Me møter stor forståing og stor velvilje, men det går seint med å omsetje velviljen til handling. Me har også planar om møte med kyrkjestatsråden for å samtale med henne om trusopplæring og tilgang på nynorsk materiell. Me vil også fylgje

LITE NYNORSK: Målrørsla håpar eit eige lovverk skal sikre borna eit nynorsk tilbod. (Illustrasjonsfoto: barnogtro.no og Line Kvalvaag.)

IKO opplyser at om lag 60 prosent av utgjevingane deira er på bokmål, 20 prosent på nynorsk, 10-12 prosent er blanda målform og ein liten prosent er materiell på andre språk eller utan tekst. Skriftleg materiell som er til utdeling, blir publisert på baa målformer når det er nytt, medan oppdateringa av dei skjer når den einskilde utgåva er utseld, melder forlaget. Når det gjeld materiell til dåpsklubben, seier forlaget at fordelinga representerer medlemsmassen; om lag 80 prosent finst på bokmål og 20 prosent på nynorsk.

IKO-forlaget er klar over at det finst krefter som ønskjer at volumet av nynorskutgjeingar var monaleg større.

– Vi får ein del førespurnader frå nynorskorganisasjonane om dette og frå medvitne gjevarar i dåpsklubben, seier forlagssjef Heidi Jannicke Andersen til LNK-avisa. Ho meiner forlaget har eit godt volum av nynorske utgjeingar, men skulle gjerne gjeve ut meir på nynorsk.

– Inntekta vår kjem vesentleg frå sal av bokmålsmateriell, seier forlagssjef Heidi Jannicke Andersen.

– Nynorskmateriell står for om lag 12 prosent av omsetninga vår.

TRENG AUKA SAL FOR Å SATSA PÅ NYNORSK

Skal forlaget satse sterkare på nynorskutgjeingar, må fleire spørje etter det, og salet må opp, seier ho.

– Det kan ein sjølv sagt ikkje krevje. Men enno viktigare er det at ein måtte få ei finansieringsløyving som gjer det enkelt for oss å søkje, og som dekkjer dei reelle kostnadane vi har med å produsere nynorske utgjeingar. Skal ein først etablere ei slik ordning, meiner vi ho måtte dekkje dei målformer og språk vi har i landet.

Leiar i KrF, Knut Arild Hareide har tidlegare vore ute og peika på at det er for lite nynorsk i trusopplæringa.

– Eg veit ikkje kvifor det ikkje er meir materiale på nynorsk. Det er kyrkja sjølv som utformar tekstane og lagar opplegget. Eg meiner det er viktig å få trusopplæringa på si eiga målform, seier han.

Men KrF vil ikkje leggje seg bort i korleis eit trussamfunn organiserer si eiga trusopplæring, sjølv om Hareide gjerne skulle sett at det vart brukt meir nynorsk. Han vil heller ikkje ha på plass eit eige lovverk for å sikre nynorsken i trusopplæringa.

– Kven bør ein påverke?
– Lokale kyrkjelydar og bispedøme bør påverkast. Trusopplæringssekretariatet er ein viktig premissleverandør for opplegget, slår han fast.

NYNORSK TRUSOPPLÆRING

Noregs Mållag vedtok på landsmøtet i 2010 ei fråsegn om å krevje meir nynorsk i trusopplæringa. Ei aksjonsgruppe som kallar seg *Språkleg rettferd* i trusopplæringa har arbeidd med dette. Blant anna overleverte dei fråsegna og underkrift frå dei omlag 100 sokneråda som har slutta seg til oppropet, til direktør i Kyrkerådet, Jens-Petter Johnsen. Saka skal opp på Kyrkerådet sitt møte i juni.

Solfrid Borge (Sp) er ordfører i Ullensvang herad.



Heradsstyret i Ullensvang har representantar frå Senterpartiet (8), Venstre (5), Høgre (4), Arbeidarpartiet (2), Sosialistisk Venstreparti (1) og Kristeleg Folkeparti (1).

Ullensvang herad ligg i Hordaland fylke. Heradet blir delt i to av Sørfjorden. Administrasjonssenteret Kinsarvik og tettstaden Lofthus ligg på austsida av fjorden, medan tettstaden Utne ligg på vestsida. Heradet har 3 400 innbyggjarar.

Folgefonna breier seg inn i Ullensvang herad frå vest, medan Hardangervidda ligg i den austlege delen. Både Folgefonna og Hardangervidda har nasjonalparkar som ligg i heradet. I Ullensvang finst to store vassdrag, Kinso og Opo. Rv. 13 går gjennom Ullensvang.

Ullensvang er ifølge Store norske leksikon den viktigaste kommunen i landet når det gjeld frukt dyrking, og har flest eple-, pære-, plomme- og morelltre. I 2004 vart eit felles fruktlager for produsentane i Hardanger oppretta og plassert i Utne i Ullensvang.

Heradet er ein aktiv reiselivskommune og huser Utne hotell, det eldste hotellet i Noreg, og Ullensvang hotell, eit av dei mest kjende hotella på Vestlandet. Næringslivet i Ullensvang består elles av eit stort mangfald av små og mellomstore verksemdar.

Ullensvang vart i 1964 slått saman med Kinsarvik (unntate Kvanndal-området), Åsgrenda av Kvam og Eidfjord til ein ny storkommune. Eidfjord vart skild ut frå Ullensvang att i 1977.



Illustrasjon: Gerbard Stoltz

LNK KORTET 2011-2013

Best Western **HOTELL HORDAHEIMEN**

Bondevennen

Best Western **HOTELL BONDEHEIMEN**

det norske teatret

Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir

Fruktbart i hjartet av Hardanger



(Foto: Toyni Tobeck)

Ullensvang herad kallar seg Noregs frukt-hage og det med rette. 600 000 frukttre finn du ingen annan stad i Noreg. Dei 3400 menneska som bur i heradet, veit dessutan korleis dei skal leve av dei mange turistane som besøker dei kvart år.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Ullensvang ligg omkrans av fjell og fjord. Hardangerfjorden og dei to nasjonalparkane Folgefonna og Hardangervidda gjev rom for både jakt, fiske, båtliv og fjellvandring. Heradet er langstrakt og breier seg ut på begge sider av Hardangerfjorden.

Solfrid Borge (Sp) har vore ordfører i Ullensvang sidan 2003. Ho kjem opphavleg frå Voss, men har budd i Ullensvang nesten heile livet sitt.

– Ullensvang er ein god stad å bu, slår ho fast.

Dei siste tre åra har heradet hatt stadig nye tilflyttarar. Heradet er med i prosjektet *Flytt til Hardanger*, saman med Hardangerrådet, Hordaland fylkeskommune og seks andre Hardanger-kommunar.

– Me ser eit generasjonsskifte på fruktgardane nå. Dei unge flyttar heim igjen, fortel Solfrid Borge.

Ho kan fortelje at heradet har hatt ei positiv tilflytting på 66 personar dei siste tre åra.

KOMMUNE OG STAT VIKTIGE ARBEIDSGJEVARAR

Ullensvang herad er den største arbeidsgjevarar med 350 tilsette i ulike verksemdar. Statlege arbeidsplassar er også viktige i heradet.

– Me har Statens Kartverk si avdeling i Kinsarvik, som har 60 tilsette. I tillegg har me veletablerte bedrifter som Hardanger Bestikk med sine 50 tilsette. I tillegg syter reiselivsnæringa for mange arbeidsplassar i Ullensvang. Denne næringa har gått forbi primærnæringa med fruktdyrking i omsetnad, sjølv om desse to næringane heng nøye saman, seier Ullensvang-ordføraren til LNK-avisa.

– Sjølv om fruktgardane kan vere små, er me flinke til å etablere nisjeprodukt i Ullensvang. Me har lukkast med mellom anna lokal matproduksjon og foredling av råvarer. Me har mange einmanns-bedrifter i heradet, held ho fram.

Ullensvang har lang tradisjon innfor turisme. Heradet har tre hotell og overnattingsplassar til 550 personar. Velkjente hotell

Ullensvang på Lofthus er størst, med plass til 350 personar. Dette hotellet har vore i den same familien i seks generasjonar.

ØKONOMISKE UTFORDRINGAR

Som mange andre norske småkommunar har også Ullensvang utfordringar knytte til økonomi og drift. Sjølv om dei har klart å drive utan underskot dei siste åra, har dei likevel måtta nytte av fond for å få drifta til å gå rundt.

– Me skal spare inn 10 millionar kroner i år. Årsaka til dette er svikt i kraftinntektene, rammeoverføringane og skatteinntektene. Elles føler eg vi likevel leverer eit generelt godt tenestetilbod, og at folk har det bra, seier Borge.

Ullensvang har eit desentralisert skuletilbod med seks skular. Som eit ledd i innsparinga blir nå skulestrukturen diskutert.

– Rådmannen har føreslått at Opedal skule og Sekse oppvekst-senter skal slåast saman. Me hadde folkemøte om dette i førre veke, og det engasjerer folk, både foreldre og besteforeldre. Det er snakk om eit lite lokalsamfunn, der skulen er samlingsstad, fortel Solfrid Borge.

Ho meiner sjølv at det kan vere aktuelt å slå saman skular.

– Kor smått kan det vere? Eg har likevel forståing for kvifor dei kjempar for skulen i bygda si, slår ho fast.

Uaktuelt med kommunesamanslåing nå

Kommunesamanslåing var tema i byrjinga av Borge sin første ordførarperiode, men då blei konklusjonen at Ullensvang og nabokommunane ønskte å ha det som dei har det. Borge trur likevel kommunesamanslåing kjem opp igjen som tema i regionen om det blir regjeringsskifte.

– Ein ting er jo kommunar som ligg nær kvarandre med korte reiseavstandar, men i langstrakte og arealmessig store vestlands-kommunar synest eg det er vanskelegare å forsvare rekneskapan i å slå saman, påpeikar ho.

Som ordfører har Solfrid Borge valt å ikkje engasjere seg i sosiale medium.

– Eg har ingen profil på Facebook eller ein eigen blogg, og dette er eit medvite val. Eg hadde ikkje rokke over det. Viss eg skal ha tid til å svare på alle førespurnader via e-post, brev og telefon, kan eg ikkje engasjere meg på denne arenaen i tillegg, seier Ullensvang-ordføraren.

Ullensvang er elles ein av få norske kommunar som nyttar nemninga herad i staden for kommune i det offisielle namnet sitt. Dei andre er Granvin, Kvam og Ulvik. Ei av tydingane til herad er eit fast avgrensa geografisk område på landet som blir administrert som ei eining med lokalt sjølvstyre; ein landkommune.

Får ting til å skje

Fire kompisar har starta pub, treningscenter og mikrobryggeri. Då har dei vel hendene fulle?

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Ikkje heilt, skal ein tru Harald Opedal, ein av dei fire bak Ekspedisjonen, Tunvoll trimstove og Harding-ølet. For når ein først har fått dreisen på eitt prosjekt, så er det spennande å sjå korleis ein kan utvikle det vidare. Eller finne på noko nytt.

Men vi spolar tilbake til 2004. Dei fire fruktbondene Ivar Tveito Eidnes, Fredrik Opedal, Knut Opedal og Harald Opedal flyttar tilbake til heimbygda Lofthus.

– Det starta litt tilfeldig. Vi var mellom 25 og 27 år då vi flytta heim, nokre flytta med eitt bein og nokre med to, fortel Opedal.

FOLK BIDRAR

Ganske fort merka dei saknet etter ein møteplass i bygda. Dei byrja å snakke om det, og det gjekk ikkje lang tid før ein laus ide konkretiserte seg i leige av eit kjellarlokale og oppstarten av Ekspedisjonen. Ekspedisjonen vart det dei sjølve ønskte seg; ein møteplass kor folk kan treffast uansett alder og behov. Harald Opedal er lite lysten på å kalle det ein pub, for han meiner skjenkestova er meir enn det.

Her kan folk treffast til ulike aktivitetar, seier han, og nemner mellom anna faste quiz-kveldar, konsertar, kunstutstillingar med fine opningar. Spesielt quizkveldane har blitt ein suksess, og gjestene tek villig vekk på seg arbeidet med å utarbeide gode quizar i byte mot eit glas og ei hyggeleg kveldsstund, kan han fortelje.

– Det ser ut til at folk gladeleg gir opp gullrekka til fordel for oss på fredagskveldane, ja, smiler Opedal fornøgd.

FÅR TRIMMA

Etter nokre år fekk dei tilbod om å kjøpe bygget som husa Ekspedisjonen, og dei slo sjølvsagt til. No ville dei starte treningsstudio.

– Etter at vi hadde fått folk til å drikke så mykje øl hjå oss, var det på sin plass å hjelpe dei til å trimme av seg litt også, ler Opedal. Som sagt så gjort. Tunvoll trimstove opna i etasjen over Ekspedisjonen og har no blitt eit fast treffpunkt for folk i Lofthus.

Treningscenteret har ope frå tidleg morgon til seine kvelden. Her er ingen fast tilsette, men den lokale sykkelklubben held til domes spinningtimar, forklarar Opedal. Elles styrer brukarane av trimstova seg stort sett sjølve, og faste kundar kan læse seg inn med eit kodekort.

– Det baserer seg i stor grad på tillit til kundane våre, at kvar og ein passar på seg sjølv og kvarandre.

Så langt har det gått bra, og trimstova er no inne i sitt femte driftsår.

FAT OG FLASKE

Etter at dei hadde halde det gåande med skjenkestove ei tid, melde det seg eit ønske om å kunne servere eigenproduserte varer. – Vi må spele på dei strengane vi har, på kulturen og naturen, seier Opedal.



LOKALT TILBOD: Harald Opedal er klar til å selje eigenprodusert øl både frå fat og flaske. (Foto: Toyni Tobeck)



STILLER UT: Utstillingar av både lokal og regional kunst er ein del av tilbodet på Ekspedisjonen. (Foto: Toyni Tobeck)

– Vi ønskte å servere noko som var lokalt forankra. Det kjendest meningsfullt, og vi tenkte det var lett og rett å selje vårt eige øl. Dei investerte i eit mikrobryggeri, eit handbryggeri som blir drive manuelt. Ein av dei fem hadde noko erfaring med brygging frå eigen gard, medan dei andre gjekk på kurs for å lære bryggekunsten. I tillegg fekk dei med seg ein sambygding, Olav H. Helleland, som var ein kapasitet på ølbrygging. Det var ei bratt læringskurve, medgjev Opedal, men ho gav godt resultat. Ekspedisjonen kan no servere

eigenprodusert fatøl av typen Harding raud, bitter, doggfrisk og staut, og i tillegg alkoholfri eplesaf.

– Vi har prøvd oss på sider også, seier Opedal.

– Men den er me ikkje klare til å selje enno.

PÅ EKE HARDINGVIS

Neste steg no er å få tappe ølet på flasker og selje i eigen butikk, noko heradsstyret nett har gitt si godkjenning til.

EKSPEDISJONEN

Ivar Tveito Eidnes, Fredrik Opedal, Knut Opedal og Harald Opedal frå Lofthus starta skjenkestova Ekspedisjonen i 2005
Fekk Askeladdprisen i 2007 av Noregs Bondelag, Ildsjelprisen i 2008
Opna treningscenteret Tunvoll trimstove i 2007 saman med Arne A. Lutro
Starta mikrobryggeri og sel no sitt eigenproduserte fatøl saman med Olav H. Helleland

– Og kanskje kan vi ein gong kome dit at vi kan selje ølet til andre skjenkestader og utsalstader, fabulerer ekspedisjonsleiaren. Men det blir ei avveging, nett no har bryggeriet akkurat rett storleik for produksjonen deira. Aukar produksjonen, må dei kanskje inn med fleire folk og meir utstyr. Dei verkar ikkje å vere redde voksesmertene, men det er eit par andre saker som skal følgjast opp også. Til domes kornavinga dei håper å kunne hauste og brygge øl på.

– Vi har hatt ein prøveproduksjon i 3 år, og no håper vi at kornet har god nok kvalitet til at vi kan bruke det som råstoff til ølet vårt. Planen no er å lage øl heilt frå botnen av.

I dag kjøper dei ferdig knust malt, men dei har eit ønske om å melte eige korn og lage øl av det.

– Slik bondene gjorde i Hardanger før i tida, seier Opedal.

DREG I LAG

I tillegg syslar dei med tanken om å vidareutvikle Hardanger fruktsti; ei vandring i naturen og kulturlandskapet med smakebitar av det naturen har å by på undervegs. Førebels er det nokre skjær i sjoen, spesielt når det gjeld skjenking utandørs. Men Opedal verkar ikkje å vere i tvil om at dei skal få til dette også.

Dei har ikkje fritidsproblem, dei fire. Fritid og jobb går i hop. Det meste av det som blir gjort på trimsenteret og i skjenkestova, gjer dei på dugnad. Opedal er tilset i ein deltidstilling for å ta seg av mikrobryggeriet og Ekspedisjonen. Elles sysset dei seg på eigen gard.

– Kva er motivasjonen, drivkrafta?

– Vi har varierte dagar, og vi er mange som er med og dreg lasset. Det vi gjer, opplever vi som meningsfylt, seier Opedal. – Vi likar å få til noko.

Herad, ikkje kommune

Ullensvang brukar nemninga herad. Men er det eigentleg nokon skilnad på ein kommune og eit herad?

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no



HERAD: Granvin, Kvam, Ulvik og Ullensvang er dei einaste kommunane i Noreg som brukar herad som nemning i staden for kommune. (Foto: Toynti Tobekk)

LNK-avisa spurde Språkrådet til råds, og dei sende oss vidare til stadnamnkonulent Botolv Helleland. Han kan gje oss følgjande innsikt i temaet herad versus kommune:

Ein reknar med at Ullens i heradsnamnet er genitiv av eit gudenamn Ullinn, i slekt med gudenamnet Ull, og vang tyder «slette, samlingsplass». Ullensvang kyrkje er etter alt å dømme bygd på heiden grunn. Og det heidne namnet er ført vidare i namnet på kyrkja, sokna og heradet. By og land

Ved sida av Ullensvang er det berre Granvin, Kvam og Ulvik som har valt å halde på termen herad. Ein kan kanskje ta dette valet som uttrykk for truskap mot ei gammal nordisk nemning, i motsetnad til den latinbaserte (<- communis = sams) og franskbaserte (<- commune) nemninga kommune. Formannskapslova frå 14. januar 1837 gjorde prestegjelda til kommunar (formannskapsdistrikt). Ved lov 6. juni 1863 vart herred (nynorsk herad) sett i staden for formannskapsdistrikt på landsbygda (heradskommunar i motsetning

til bykommunar). Kommuneleva av 25. september 1992 oppheva skiljet mellom herads- og bykommunar. Etter den tid har kommune vorte standard nemning for alle med unntak av dei nemnde fire.

GAMMALNORSK KOMMUNANE

Kvinnherad, Krødsherad og Sauherad har den historiske nemninga herad som ein del av namnet, det gjeld òg dei tidlegare kommunane Herad (no i Farsund kommune) og Gransherad (no i Notodden kommune) samt ein del andre bygdenamn i tillegg til ei rekkje historiske namn som ikkje lenger er i bruk. Herad (herred) går tilbake på gammalnorsk herað, hærråd, som tyder «bygd, distrikt, administrasjonsområde». Det kan då sannsynlegvis forklarast av herr og råd, med tydinga «rådvælde over ein her», men altså med den sekundære tydinga «bygd, administrasjonsområde».

I SKANDINAVIA

Som organisatorisk term har herad vore brukt særleg i Noreg, Danmark og Sverige, og då om administrative/rettslege grunneiningar eller område. I denne tydinga synest herad å ha oppstått rundt år 1000 og har då truleg avløyst ei eldre organisasjonsinndeling. I Noreg var det særleg på Austlandet at denne funksjonen av ordet fanst. Elles har ordet hatt den meir generelle tydinga «bygd, distrikt». Det gamle heradet fall i mange høve saman med den seinare sokneinndelinga.

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no

Forsikringar skal gi deg tryggleik, **men;** kan dei også gi deg litt betre økonomi?

Alle som har offentlig tenestepensjon i KLP har ikkje berre ei solid og trygg pensjonsordning, dei har også høve til å gjere seg nytte av spesielt gunstige forsikringsordningar. Vi veit at våre medlemmer er fornuftige og ansvarlege, derfor kan vi tilby svært konkurransedyktige vilkår. Låge forsikringspremiar og den raskaste bonusoppteninga i marknaden kan gi deg som medlem nokre kroner til overs. Kva du vil bruke desse pengane til skal ikkje vi bry oss med, men hugs at vi også har bank med svært gode vilkår både på sparing og fond.

Gå inn på klp.no og les meir om kva vi kan tilby alle som har offentlig tenestepensjon i KLP.

KLP
for dagane som kjem



Elektroniske tavler. Bedrifta Soleis lagar programvare til elektroniske tavler. Programma kan brukast i grunnskule, i vidaregåande skule og i vaksenopplæringa. (Foto:Privat)

Gründerar på elektroniske tavler

Det finst mange elektroniske tavler rundt om i norske klasserom, men lite programvare til å fylle tavlene med.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det gjorde dei to lærarane Sigridd Lillebråten og Eir Husby så frustrerte at dei bestemte seg for å ta skeia i eiga hand. No har dei fått utvikla kunnskapsbilete for elektroniske tavler til grunnskule, vidaregåande og vaksenopplæring, og firmaet deira har vakse frå to til fem tilsette på eitt år.

– Som nyutdanna lærarar sakna vi begge godt faginnhald tilpassa den nye teknologien. I 2010 drog vi til BETT i London, ei teknologimesse for utdanningssystemet. Her fekk vi stadfesta at skuleverket heng etter den teknologiske utviklinga.

LITE Å FINNE

I Noreg har om lag 70 prosent av skulane elektroniske tavler – eller interaktive tavler som dei også blir kalla. Infrastrukturen er på plass, men læraren har ein stor jobb med å tilpasse undervisningsopplegga til teknologien, forklarar Lillebråten. Som lærarar måtte dei bruke powerpoint- og pdf-presentasjonar, og det var lite som var laga spesielt for tavlene.

– Det var eit stort behov og ein stor marknad, seier Lillebråten.

I september starta ho og Husby firmaet Soleis som lagar undervisningsopplegg til bruk på elektroniske tavler.

– Vi lagar kunnskapsbilete som er knytte opp mot kompetansemåla i Kunnskapsløftet, den gjeldande læreplanen for grunnskulen og til spor 1, 2 og 3 i

vaksenopplæringa, fortel ho. Kunnskapsbileta tek opp ulike fagtema. Vår eigen kjernekompetanse er humaniora, og vi samarbeider med eit firma i Ungarn om realfaga.

IDEALISTAR

Kunnskapsbileta er meint først og fremst for læraren, til tavleundervisning. Dei er tilrettelagde for trykkfunksjonar, men kan også fungere på ein pc.

– Førebels har vi ikkje ein enorm kvantitet. Men vi dekkjer spor 1 og 2 i vaksenopplæringa, og vi har mykje for grunnskulen, samt noko for realfag i vidaregåande.

Kunnskapsbileta finst på fleire språk, ikkje berre norsk. For Soleis har det dessutan vore svært viktig å få dette tilbodet på nynorsk.

– Vi er ihuga nynorskbrukarar, bære to, og vi bestemte oss heilt i starten for at målformene skal vere jamstelte hjå oss, seier Lillebråten. – Erfaringa vår er at jo meir teknisk innretta noko er, jo mindre er sjansen for at det finst innhald til det på nynorsk.

Det er uheldig for nynorsken, meiner dei, og Soleis har ønskt å gjere sitt for å betre situasjonen.

– Det er mykje idealisme inne i biletet. Det hadde heilt sikkert vore lettare å berre kjøre på med bokmål.

PILOTAR

Utfordringa no er å få skulane til å ta kunnskapsbileta i bruk, og der har Soleis vore heldige og fått Oslo kommune og Smedstua vaksenopplæring med som pilotskular. Det har vore eit givande samarbeid, og vi vil gjerne ha fleire pilotskular, seier Lillebråten.

Bedrifta Soleis tel no fem tilsette, den femte vart tilsett nøyaktig på dagen då bedrifta fylte eitt år. Hovudkontoret deira ligg i Sunndalsøra i More og Romsdal.

– Og så har vi distriktskontor i Oslo.



Terje Lyngstad
Teatersjef Sogn og Fjordane teater

TEATER

Eit mål for alt

Det er ei tid for alt, og i mars skal det rapporterast. Årsmeldingar skal skrivast, rekneskap skal reviderast. Eigargar og tilskotsytarar og andre interesserte skal få vite korleis det har gått i året som gikk. Sjølv teatra driv med slikt, og dei siste åra er det berre blitt meir av det. Dei som gir oss pengar, meiner tydelegvis at vi må gi dei noko tilbake, ein rapport med tal, til dømes. Systematisk målstyring heiter det visst. Alt skal målast. Om det du driv med, ikkje kan talfestast, då skal du heller ikkje drive med det. Eg synst det er litt vanskeleg. Korleis skal eg talfeste at vi har laga ei framsyning med høg kunstnarisk kvalitet? Og kva om vi bomma litt, og kvaliteten ikkje vart så god?

Eg skal innrømme det, eg blir trøyt av alle desse rapportane som skal fyllest ut, og bikkar gjerne litt framover i stolen, før eg blir liggande og drøyme med skallen i bordplata, drøyme om alle som er så forbaska ambisiøse i dag, som vil på tv og vere vakre og gå Birken og vege 42 kilo. Dei som vil gi ut bok, og helst ein sjølvbiografi, som vil ha fin bil, hytte på fjellet og hus i Syden. Alle ønskjer å vere brune i dag, utanom innvandarane då, som vi helst ser er kvite, og aller helst ser at vi ikkje ser.

Draumen dreg meg vidare inn i mine egne mål i livet. Eitt av dei tidlegaste måla var 1-0-målet for smågutelaget til Jølster då vi slo Krokane 5-0 ein regntung vårdag i 1980. Det neste målet mitt var å bli ein åtti høg, eit mål eg hadde då eg var ein sytti. Eg er berre ein syttitatte i dag, men lever enno i håpet.

Til jul i 1989 fekk eg eit litermål av mor mi. Det er vekke, så komande jul har eg noko å strekke meg etter. Dei siste ti åra har eg fått eit par mål ved av far min. Dei er høge mål, begge måla, men dei går alltid opp i røyk. Ti år gamal sette eg meg som mål at eg aldri skulle bli lærar. Lærarinna mi den gongen bad meg om å sitje att etter skuletid, fordi eg sa god helg på ein tysdag. Den dagen eg var ferdig utdanna lærar, nådde eg ikkje det målet heller.

Eit anna mål eg ikkje nådde, var 1-1-målet til Tore André Flo mot Brasil. Eg var ute på do og pissa då det skjedde. Til alt overmål fekk eg med meg reprisen, kvart år sidan 1998. Sjølv om eg på ingen måte reknar meg som målmann, verken i fotball- eller språksamanheng, har eg vore heldig å få med meg nynorsk som hovudmål og bokmål og riksmål som sidemål.

Som talemål har eg dessutan blitt hengande ved eit vestnorsk normalisert sunnfjordsk jølstramål, med sterke innslag av palatalisering og diftongar når eg ein sjeldan gong vitjar eldre menneske inst i Jølster, og like rike førekomstar av auslandske strofer og knot når eg snakkar med telefonsejarar og andre menneske frå meir sentrale strom.

Måla eg hadde då eg fekk konfirmasjonsdressen min, er dessverre utanfor rekkevidde. Til gjengjeld har eg fått meg ny livvidde, eit mål rundt livet eg strengt tatt aldri sette meg. Opp gjennom åra har eg fått ein god del spørsmål. Eg har til og med motteke eit par søksmål. Eitt av dei høgste måla mine er å overleve, noko som er vanskelegare enn det meste eg har prøvd på til no, men det er neppe vanskelegare enn å seije talfesta mål på kunsten.

I Løland sine fotefar

Det er ikkje ofte ein ser komitear som set seg så hårete mål som komiteen som ville markera Rasmus Løland, gjorde. Folk rista på hovudet. Dette var ikkje råd å få til, hevda dei.

GEIR TANGEN
bladstova@lnk.no

No, eitt år etter at markeringa er avslutta, kjem sluttrapporten. Få, om nokon, har anna enn godord å koma med.

Ei fem år lang markering av forfattaren Rasmus Løland kom endeleg i hamn i fjor haust. No i desse dagar er sluttrapporten klar. Han er førd i pennen av Åse Elin Langeland, som ikkje sjølv har vore



Tidlegare fylkesordførar Roald Bergsaker var styreleiar Rasmus Løland-markeringa 2007–2011 dei fyrste åra. (Foto: Toym Tobekke)

involvert i prosjektet, på oppdrag frå styret i stiftinga. Konklusjonane hennar i den dryge femti sider lange rapporten er klare som dagslys. Trass i at Lølandstova i Asker gjekk i vasken, og at eit nasjonalt senter for nynorsk barnelitteratur enno ikkje er på plass på Sand, så var markeringa av Løland og ringverknadane av prosjektet ein stor suksess.

Rasmus Løland-markeringa 2007–2011 blei offisielt opna av fylkesmann Tora Aasland 13. april 2007 i Suldal og avslutta fire år seinare på same stad, i mai 2011. I 2007 var det 100 år sidan Rasmus Løland døyde i Asker, og i 2011 var det 150 år sidan han vart fødd på Løland i Suldal kommune. Rasmus Løland (1861–1907) var forfattar, journalist og samfunnsbyggjar. Han skreiv og engasjerte seg for barn og blir i dag rekna som ein pioner i barnelitteraturen. Han skapte den moderne barneforteljinga, der barna sine egne opplevingar blir utforska og tekne på alvor.

Undrande og skapande var visjonen for markeringa. Ved å ta utgangspunkt i barna sin fantasi og undring ville stiftinga skapa større engasjement for norsk kultur og litteratur for barn og ungdom. Hovudmålsettinga var å auka statusen for denne kulturtradisjonen og leggja grunnlaget for eit nasjonalt senter for nynorsk barnelitteratur knytt til Ryfylkemuseet, Løland-senteret, står det å lesa i rapporten.

Markeringa hadde hovudarrangementa sine i 2007 og 2011. I 2007 vart hovudarrangementa lagde til Suldal i mai og til Asker i oktober. I 2011 vart hovudarrangement lagd til Suldal i april/mai. Mellom desse åra var det i tillegg ulike arrangement og markeringar som støtta opp om målet. I heile perioden blei det samstundes arbeid for å få på plass eit nasjonalt senter for nynorsk barnelitteratur lokalisert på Sand i Suldal kommune.

MANGE VISJONAR

I rapporten kan me lesa om prosjektet slik det utvikla seg frå start til mål, og det sto ikkje på visjonane til dei som sette i gong med arbeidet i startfasen. Som sagt var det somme som tykte det likna mistenkeleg på eit luftslopp. Andre meinte dette var i meste laget for ei markering av ein lokal forfattar som døyde for hundre år sidan. I tabellen på sida av artikkelen kan du sjå dei ti milepålane gruppa sette seg føre å gjennomføra.

Dagleg leiar i prosjektet, Marny Skeie Henkel, vedgår at det gjekk ein stökk i ho då ho såg kva prosjektgruppa såg føre seg av aktivitetar:

– Eg var småredd i starten, det er sant det, seier ho og flirer. Når det er sagt, så hadde eg fantastiske folk rundt meg som gav meg tru på at det gjekk an. Ho trekker mellom anna fram dåverande fylkesordførar Roald Bergsaker og leiar i Norsk Plan, Einar Schibevaag, som utrøyttetelege pådrivarar.

– Det umoglege er mogleg, sa Einar til meg gong på gong, og Roald var på meg som ein klegg kvar gong det butta litt:

– No lyt du vera litt tøff og ta nokre sjansar, Marny.

– Stå på! Utan den støtta eg fekk hjå dei, så ville det ha blitt mange tunge stunder i starten, fortel Marny Skeie Henkel. No jobbar ho som lærar på vaksenundervisninga i Odda, men ho ser attende på åra i Løland-prosjektet som fantastiske:

– Dette var draumejobben! Å få lov til å gå inn som dagleg leiar i eit prosjekt som dette var heilt fantastisk.

Det var gjort eit sær grundig forarbeid attåt det at eg slapp å vera ho som skulle springa rundt og samla inn pengar. Eg kunne fullt og heilt via arbeidet mitt til dei ulike arrangementa. Som om ikkje det var nok, så hadde eg altså ei dynamisk styringsgruppe rundt meg, som var samansett av unike personar med ulik kompetanse og eit imponerende driv, seier ho.

MYKJE MEIR ENN EI MARKERING

I rapporten kjem det fram at det var mange som hevda at det ville bli ei krevjande oppgåve å løfta samfunnsbyggjaren, redaktøren og barnebokforfattaren Rasmus Løland fram i lyset att. Mange meinte til og med at det var ei umogleg oppgåve. Ikkje nok med at det her var tale om ein barnebokforfattar, men ein smålåten barnebokforfattar frå Solvannestranden i vesle Suldal. I rapporten står det at Løland-markeringa har vist at det gjekk an. Ho har ikkje berre kasta glans over forfattaren og samfunnsbyggjaren Løland i fem år. Ho har fanna vidare og lyfta den nynorske barnelitteraturen og



STYRTE SKUTA: Marny Skeie Henkel var ein engasjert ambassadør for Rasmus Løland-markeringa 2007–2011, som dagleg leiar frå 2007 ut 2010. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmealand)

barnelitteraturen fram i lyset både lokalt og nasjonalt, vort det hevda.

Dagleg leiar Marny Skeie Henkel underbyggjer påstandane i rapporten:

– Prosjektet rundt markeringa av Løland har blitt litt misoppfatta av somme. Det var, og var meint å vera, så mykje meir enn ei markering av ein forfattar. Det var eit prosjekt som skulle vekkja interesse for litteratur, leseglede blant barn og unge og vera med på å fremja nynorsk som målføre i tekstsaking. Alt dette og så mykje meir trur eg me meistra å få til, hevdar ho.

PERSONLEG ENGASJEMENT AVGJERANDE

Rapporten listar opp fleire faktorar som var med på å gjera prosjektet til ein suksess. Heilt avgjerande for prosjektet var det at så mykje av pengane var på plass allereie før dagleg leiar var tilsett, heiter det i sluttrapporten. Slik kunne dagleg leiar bruka kreftene på gjennomføring av prosjektet i staden for å leita etter sponsorkroner. Det vort også hevda at ein i ettertid kan konkludera med at det grundige forarbeidet med idéudgnader og sjølve forprosjekt rapporten var ein suksessfaktor for markeringa. Her blei lekfolk og fagfolk involverte i utforminga

av prosjektet, og slik var det mange som fekk eit eigarforhold og eit personleg engasjement til Rasmus Løland-markeringa.

Tidlegare fylkesordførar Roald Bergsaker sat sjølv med taumane i starten, og han seier seg einig i akkurat dette: – Ja, det er sant. Eg trur at løyndomen bak suksessen ligg i at me hadde ein sær god kjemi i styringsgruppa. Alle ville få dette til. Entusiasmen dei andre viste for prosjektet, smitta over på meg. Gjennom deltakinga mi vaks interessa mi meir og meir for Løland si diktning. Det er noko heilt spesielt med den. Livet på bygda. Det rare i ting du trudde du såg ... Eg vart i tillegg utruleg nyfiken på han og den nære kontakten han hadde med Arne Garborg.

EIT BREITT KULTURPROSJEKT

Løland-markeringa formulerte som sagt ti konkrete hovudmål for 2007 og 2011 og planla og gjennomførte mange ulike tiltak for å komma dit. Sluttrapporten konkluderer med at svært mange av desse måla vart nådd.

Skuleelevar har blitt engasjerte i mange ulike prosjekt kring Rasmus Løland, ikkje berre i 2007 og 2011, men i heile femårsperioden, heiter det i konklusjonen. Vaksne i barnehage, skule, kulturskule og bibliotek

har blitt engasjerte og inspirerte av Rasmus Løland og arbeidet hans og har formidla dette vidare til barn og unge. Løland-miljøa både i Asker og Suldal har fått påfyll og konsolidert seg, og slik kan dei vera ei viktig inspirasjonskjelde for utvikling av det beste i norsk barnelitteratur også i framtida, slår rapporten fast.

Kultursjef Aud Marit Hauge utfyller konklusjonane i rapporten:

– Det er vanskeleg å måla kva som ligg att hjå folk. Kva har satsinga betydd for elevane på skulane, for deltakarane på skrivekurs, for publikumarar på teater, for reisande med ferja, ja alle som har vore aktive deltakarar eller passive tilskodarar? Løland-markeringa har ikkje først og fremst vore ei markering av ein daud forfattar, men like mykje eit breitt kulturprosjekt med fokus på språk og identitet, seier ho.

Ved å satsa på det pedagogiske pilotprosjektet Kvitebjørnen – undring og læring, har Løland-markeringa også sett fokus på barne- og ungdomskultur, lokale tradisjonar og identitet. Dette er eit prosjekt som held fram i 2012. Signala så langt er at arbeidet har vore interessant og lærerik for dei skulane og elevane som er med, men at det har vore vanskeleg å få skular til å delta, heiter det i rapporten.

Det vort også sagt at Løland-markeringa gjennom Kvitebjørn-prosjektet stimulerer til dokumentasjon og forskning som kan gje ny innsikt i barn sine vilkår og situasjonen for nynorsk skriftkultur.

SUKSESS, TRASS I MÅL SOM IKKJE VART NÅDDE

Prosjektfasen har vore lang – fire år – men fire år måtte ein kanskje ha om ein skulle få gjennomslag for dei to sentrale prosjekta som er framheva i forprosjektet: Eit senter for nynorsk barnelitteratur og litteratur på Sand og eit sterkt nynorsk miljø knytt til Lølandstova og Asker Museum. Dette skulle danna grunnlaget for ei vidareføring av arbeidet til Løland-markeringa og skapa interesse for å utvikla norsk barne- og ungdomskultur med utgangspunkt i lokal identitet og kulturforståing. Slik vart det diverrre ikkje, men dagleg leiar i prosjektet, Marny Skeie Henkel, er ikkje med på at prosjektet har feila av den grunn:

– Nei, så absolutt ikkje! Nokre vil kanskje hevda at prosjektet ikkje kom i mål i og med at Lølandstova og det nasjonale senteret ikkje er på plass. Til det vil eg seie at når det gjeld det nasjonale senteret, så tykkjer eg faktisk at me alt er komne mykje lenger i prosessen enn det som eg hadde

Entusiasmen dei andre viste for prosjektet, smitta over på meg. Gjennom deltakinga mi vaks interessa mi meir og meir for Løland si diktning.

Roald Bergsaker

trudd på førehand. Mykje er på plass allereie, og Ryfylkemuseet forvaltar midlane på ein god måte. Når det gjeld Lølandstova i Asker, så vart eg som så mange andre skuffa. Når ordføraren i Asker pensjonerte seg, gjekk på mange måtar interessa for det prosjektet opp i røyk saman med han, seier Henkel.

Tidlegare fylkesordførar i Rogaland Roald Bergsaker er litt spissare i vurderinga si:

– Det må eit nasjonalt senter til for at dette skal setja varige spor. Hadde me fått til det i Suldal, så ville det vore heilt fantastisk, seier han og legg til:

– Skal prosjektet stå seg som noko meir enn det det var, så lyt me få dette på plass. Det vart etter kvart eit av hovudmåla i prosjektet saman med oppbygginga av Lølandstova i Asker.

Det ville vore trist om ingen av desse to prosjekta skulle bli ein realitet. Eg lyt innrømme at eg vart rimeleg vonbroten då Asker kommune valde å trekka attende midlane som var øyremerkte til Lølandstova, seier Bergsaker.

EIN MÅ VÅGA Å TA SJANSEN

Hovudmålet for den fem år lange markeringa var altså etableringa av eit nasjonalt nynorsk barnelittersenter på Sand, står det å lesa i rapporten. Senteret har no kome inn i planane for Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune, og det har kome med i statsbudsjettet som auka løyving til Ryfylkemuseet. Ein har opna den første interaktive utstillinga, Kvitebjørnen, som skal bli ein del av det framtidige senteret, og Ryfylkemuseet har tilsett Kjersti Moe (32) frå Suldal, som skal utvikle senteret og arbeide med formidling retta mot barn og unge.

Åse Elin Langeland, som er forfattaren bak sluttrapporten, er sær tydeleg på kva som bør vera vegen vidare. Ho skriv fylgjande i konklusjonen om prosjektet:

– Dersom Løland-senteret skal bli det nasjonale senteret som Løland-markeringa har arbeidd for, er det viktig å få på plass ein leiar som kan føra eit slikt prosjekt i mål.

Til hjelp i dette arbeidet bør det planlagde nasjonale rådet snarast etablerast for hjelpa til i arbeidet med å gje senteret eit innhald og det økonomisk fundamentet som skal til for å bli ein nasjonal arena, heiter det i sluttrapporten. Her må ein ikkje berre sjå sjansen, ein må våga å ta

han. Ideen er nemleg så god at om ikkje museet grip han, vil andre gjera det. Her må kommunen og fylkeskommunen støtta. Ein må tenkja stort. Ein må tenkja dristig. Ryfylke må forstå kva arv dei har fått, og føra stafettspinnen vidare slik at det blir eit nasjonalt Løland-senter, konkluderer altså forfattaren bak sluttrapporten. Og som legg heller ikkje skjul på at visse ting hastar:

– No må ein arbeida vidare med planane for finansiering av senteret medan interessa og engasjementet for Løland-markeringa frameis står sterkt. Eit første mål burde vera å sikra seg Rasmussen-sjøhuset, som no er til sals. Senteret treng òg eit styre og ein leiar som deler dei nasjonale og internasjonale ambisjonane. Og som ordførar Torkel Myklebust skriv: «Dette er ein unik sjansje til å verta vertskap for eit nasjonalt senter med fokus på barn og unge.»

Ein kan på mange måtar seia at rapporten sitt sluttord også seier noko om vegen vidare. «No må det skapast, sidan kan me undra oss.»

SER FRAMOVER

Markeringa av Rasmus Løland og litteraturen hans går no mot slutten. Det femårige pedagogiske prosjektet *Kvitebjørnen* vil bli avrunda hausten 2012, og vil bli tilgjengeleg via Ryfylkemuseet.

No skal Ryfylkemuseet ta over stafettspinnen og arbeidet med å etablere eit framtidig Løland-senter, der ein blant anna vil etablere ei nasjonal referansegruppe. Ryfylkemuseet har allereie fått på plass ei barneutstilling der borna kan boltra seg i Kvitebjørnen, bli med på ei eventyrlig ferd i kvitebjørnen sitt rike, kle seg ut som riddar eller prinsesse og gå på fest i sjølveste kongsgarden. Ryfylkemuseet har også tilsett Kjersti Moe (32) frå Suldal, som skal utvikle senteret og arbeide med formidling retta mot barn og unge.

Du finn meir informasjon på nashornet.no og kvitebjornen.no.

aktuelt: Gunn Marit Helgesen

Ny på kommunetoppen



(Foto: Bård Gudim)

Namn: Gunn Marit Helgesen

Alder: 53

Aktuell: Vart vald til styreleiar for kommunesektoren sin interesseorganisasjon (KS) i februar

KS fekk sin første kvinnelege leiar då Gunn Marit Helgesen (H) vart vald til styreleiar for kommunesektoren sin interesseorganisasjon i februar.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Gratulerer med vervet som ny KS-leiar. Kva blir annleis i livet ditt no?

Mykje blir annleis, blant anna skal eg representere alle kommunar, fylkeskommunar og mange bedriftsmedlemmer i Noreg, ikkje berre mitt eige parti i Telemark fylke som opposisjonsleiar. Det er eit spennande verv, der eg må bruke mykje tid i Oslo, men også reise rundt om i heile landet. Og målet er å gjere KS synleg og bodskapen tydeleg på vegner av medlemmane våre. Oppdraget er stort og viktig.

– Har du noko forhold til at du er første kvinnelege leiar av KS?

Nei, men det er på høg tid med ein kvinneleg leiar. Eg var også første kvinnelege fylkesordførar i Telemark i si tid.

– Kva er dei største utfordringane norske kommunar står overfor no?

Den største utfordringa er ei altfor sterk statleg styring og direktoratstyring i Noreg. Norske kommunar og fylke treng større handlingsrom for å kunne løyse oppgåvene best mogleg. Lokalt folkestyre treng vern og større tillit frå nasjonale styresmakter. Og arbeidskraftbehovet i offentleg sektor er ei stor utfordring.

– Og kva er KS si rolle i desse utfordringane?

KS er ein medlems- og interessepolitisk organisasjon som skal tale Kommune-Noreg si sak og påverke rammevilkåra for kommunesektoren.

– Kva forhold har du til språk?

Språk er ein viktig faktor i identiteten og kulturarven vår. Det er viktig å bevare og utvikle språket vårt.



Elin Grimstad (f. 1976) er frå Giske i Møre og Romsdal, bur i Oslo. Ut-danning i animasjonsfilm og skrivning for barn ifrå Bath Spa University (BA) og frå Norsk barnebok-institutt. *Månen som ville lyse som ei sol* er den fyrste boka hennar.

Foto: Samlaget

debutanten

Lyset strekk seg ned, under havstraumen. På botnen ser han fiskane blenkje.

Og han ser sjøstjernene som dansar. Dei dansar i måneglans, i frå han!

Det Norske Samlaget 2012

– Og til byråkrati?

Byråkrati er ein nødvendig del av demokratiet vårt. Men for mykje byråkrati kan kvele skaparkraft og initiativ hos enkeltindividua og bedrifter, lag og foreiningar. Det er behov for å revurdere mykje av det noverande systemet.

BOKMELDING:

Tørrvittig, kort og godt

Bok: *Dei tek ikkje tran i Texas*

Forfattar: Sigmund Falch

Forlag: Schibsted, 2011

Dei tek ikkje tran i Texas er den fjerde humorboka frå reklamemannen, tekstforfattaren og humoristen Sigmund Falch sin



penn. Alle dei fire bøkene har same oppbygning. Falch leitar fram gamle svart-kvitt-bilete i arkiva til Nasjonalbiblioteket og museum. Han skriv små tekstar til bileta på nynorsk. Desse tekstane er humoristiske og har ingen samanheng med kva biletet eigentleg formidlar.

Kanskje høyrest det keisamt ut? Det er det ikkje. *Dei tek ikkje tran i Texas* er ei ypparleg bok å setje seg ned med

ein kveld regnet renn trøsteslaust ned over vindauget. Ho vil garantert få deg i betre humør. Desse bøkene er dessutan ypparlege å dele med andre, anten på fest eller ved frukostbordet.

Kommentarane til dei staute bileta er tørre som den beste opptenningsved, men det er nettopp kombinasjonen av desse knusktørre kommentarane og dei for oss litt rare, oppstilte og alvorlege bileta som bringar smilet

fram i munnvika. Viss du sit på eiga hand med boka, er det ikkje sikkert du kjem til å gapskratte, men ei god humring er heller ikkje å forakte.

Alle finn sine eigne favorittbilete og -kommentarar i desse bøkene. Og det beste av alt med Sigmund Falch sine bøker er at du kan ta dei fram igjen og igjen og stadig finne noko nytt å le av.

Elin Moen Karlsen

BEST WESTERN HOTELL
BONDEHEIMEN
Sidan 1913

Rosenkrantz' gate 8
N- 0159 Oslo
+ 47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com
www.bondeheimen.no

- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden